



STUDIEFORBUNDET  
KULTUR og TRADISJON

Medlemsorganisasjonar  
Organisasjonar med samarbeidsavtale  
Fylkesledd

Studieforbundet kultur og tradisjon

Vågåvegen 35  
2680 Vågå  
tlf 61 21 77 50

[post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)  
[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no)

## Innkalling til årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon 28.05.2020 kl 10-12.00

Møtet blir halde på den digitale plattformen zoom. Eige innkalling blir sendt påmeldte deltakarar. Det vil bli høve til å teste for deltakarar som ikkje har brukt zoom tidlegare.

Sakliste;

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2019
2. Rekneskap 2019
3. Søknader og revidering av medlemskap jfr vedtektene
4. Strategi og verksemdsplan
5. Budsjett 2021
6. Innkome framlegg
8. Val

Røysterett på årsmøtet er jfr vedtektene slik;

	Kurstimar	Røyst/er
Folkeakademienes Landsforbund	1029	1
Forbundet KYSTEN	5418	2
Friylt Norge	35528	4
Hålogaland amatørteaterselskap	1670	1
Landslaget for Lokalhistorie	437	1
Noregs Mållag	376	1
Noregs Ungdomslag	15882	4
Norges Bygdekvinnelag	2277	1
Norges Husflidslag	63572	9
Norsk amatørteaterforbund	10252	2
Norsk Kulturarv	1531	1
Norsk målungdom	0	1
Norsk Quilteforbund	497	1
Seniordans Norge	23675	4
Slekt og data	940	1
Vestlandske teatersenter	708	1

Påmeldingsfrist 20.05.2020 til [post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)

Velkomen til årsmøtet.  
Vågå 28.04.2020

Med beste helsing  
Studieforbundet kultur og tradisjon  
Eli Ulvestad  
Styreleiar



Kjærsti Gangsø  
Dagleg leiar

# Saksutgreiing, Årsmøtet i Studieforbundet 28 mai 2020.

Møtet blir arrangert på den digitale plattformen zoom, eigen invitasjon blir sendt dei som melder seg på.

## Sak 1 Opning og konstituering

### a) Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

### b) Val av møteleiar, referent, teljekorps og protokollunderskrivarar

Framlegg til vedtak:

Møteleiar	Eli Ulvestad
Referent	Björg Schultz
Teljekorps	Kontoret

Protokollunderskrivarar blir vald blant deltakarane.

## Sak 2 Årsmelding 2019

Saka blir presentert av styreleiar Eli Ulvestad.

Framlegg til vedtak:

Årsmelding 2019 blir godkjent.

## Sak 3 Rekneskap 2019

Saka blir presentert av styremedlem Anne Lise Olsen.

Rekneskap 2019 viser eit overskot på kr 79.693,- mot budsjettert underskott på kr 250.00,-. Denne differansen skuldast at studieforbundet har fått fleire eksterne tilskott som mellom anna dekkjer opp administrasjonskostnader. Den generelle drifta ligg på omlag same nivå som i 2018, med tal tilsette, møteverksemd og prosjekt. Kurstimetalet er i vekst, og resultatet på 169.703 er om lag som budsjettert, 170.500. Revisjonsrapport ligg lengst bak i Årsmelding 2019 i lag med rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Rekneskap 2019 med eit overskott på kr 79.693,- blir godkjent. Overskottet bli lagt til eigenkapitalen.

## Sak 4 Medlemsskap

Saka blir presentert av styremedlem Kai Roger Vatne.

Saka gjeld både søknader og endring av status for medlemskap. Vedtektene seier at organisasjonar utan kurs siste 3 åra (2017-2019) skal miste medlemskapen eller samarbeidsavtalen sin. Årsmøtet handsamar sak om medlemsorganisasjonane og styret handsamar sak om organisasjonar med samarbeidsavtale.

#### **a) Søknader**

Det ligg føre søknader om medlemskap frå Human-Etisk Forbund og Nettverket for regionale teaterråd:

Human-Etisk Forbund (HEF) er eit humanistisk livssynssamfunn som arbeidar for å vidareutvikle humanismen. HEF set mennesket i sentrum og ser på vitskapen som beste kjelde til kunnskap om verda. Forbundet har over 94 000 medlemmar, 120 lokal- og fylkeslag, i overkant av 20 000 kurstimar og er i dag medlem i Studieforbundet Folkeuniversitetet. HEF søker overgang til Studieforbundet kultur og tradisjon fordi dei vil vere del av kultur- og frivilligpolitikken meir enn kompetansepolitikken i endringa som kjem med departementstilknytning. Ein vesentleg del av HEF si kursverksemd er knytt til konfirmasjon, namnedagar, vigsel og gravferd, viktige delar av vår kultur og tradisjonar. (Det finst studieforbund for kristne organisasjonar som også ivaretek tradisjonar og skikkar for same område, men der høyrer naturleg nok HEF ikkje heime). Største kursaktivitet er humanistisk konfirmasjon, med tema som livssyn, humanisme, kritisk tenking og menneskerettar. Dette er samstemt med våre prinsippa om å leggje til rette for «personleg utvikling og læring på eigne premiss» samt «bevisstgjerung om menneske som en del av ein økologisk heilskap». Styret si vurdering er at HEF er ein organisasjon som fell innfor kriteria vedtektene har for medlemskap.

Eit positivt medlemskapsvedtak må likevel ha ein klausul om at økonomi, fordi Kunnskapsdepartementet har innført ny ordning ved overgang mellom studieforbund der halvparten av opptent statstilskot skal bli att i det gamle studieforbundet. Denne endringa kom i november 2019 og er ein del av høyringsframlegget til ny forskrift. Framlegget har fått mykje motbør og mange studieforbund har peika på det urimelege i endringa. Det er grunn til å tru at vedtaket blir endra, slik at HEF likevel får med seg alle opptente kurstimar. Men om det blir ståande kan ikkje HEF få ordinært kompetansehevingstilskott eller timetilskot før dei har full opptening.

HEF sin medlemskapsøknad er innsendt med klausul om at den må handsamast i landsstyret som har sitt møte i juni 2020.

Nettverket for regionale teaterråd (NRT) er ein paraplyorganisasjon for 6 teaterråd i Norge. NRT ønskjer å vere ei røyst, ein tilretteleggjar og ein ambassadør for lokalt teater og amatørteater. NTR fekk samarbeidsavtale i 2017 og har no vore del av Studieforbundet i 3 år.

Utvikling i kurstimetal:

2019: 4.688,

2018: 1.579

2017: 2.776

#### **b) Endring av status**

Norsk Målungdom har ikkje hatt kurs i perioden 2017-2019 og fell såleis utafør kravet til medlemskap.

Framlegg til vedtak:

- 1) Human- Etisk forbund blir medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon frå 01.01.2021 så sant landsstyret deira godkjenner søknaden. Om gjeldande overgangsordning mellom studieforbund blir ståande vil Human-Etisk forbund sitt tilskot bli redusert fram til organisasjonen har full opptening.
- 2) Nettverket for regionale teaterråd blir medlemsorganisasjon frå 01.01.2021
- 3) Norsk Målungdom misser medlemskap i Studieforbundet frå 28.05.2020.

## **Sak 5 Strategi- og verksemdsplan**

Saka blir presentert av nestleiar Solveig Torgersen Grinder.

Hausten 2019 kom ny Vaksenopplæringslov med forskrifter på høyring med høyringsfrist 01.01.2020. Dette framlegget har mellom anna i seg nytt formål og overordna mål, deling av studieforbunda mellom to departement og nye regler for godkjenning av kurs. Det er og framlegg om endringar som vil påverke administrasjonsdelen av det totale tilskotet til studieforbunda. Med bakgrunn i at alt dette er uklart gjer styret framlegg om å prolongere gjeldande plan i eit år, til ut 2021 Styret vil invitere til medlemsmøte for å diskutere framtidig plan når Storting og departement har gjort sine vedtak.

Framlegg til vedtak:

Gjeldande Strategi- og verksemdsplan blir forlenga til ut 2021. Styret inviterer til medlemsmøte for å diskutere strategiske val hausten 2020, så sant ny Vaksenopplæringslov og nye forskrifter er kjend.

## **Sak 6 Budsjett 2021**

Saka blir presentert av styremedlem Asbjørn Hjertvik.

Framlegg til budsjett bygger på noverande lov og forskrift, indeksregulering av statstilskot, to nye medlemsorganisasjonar og omlag same driftsnivå som i 2020. Det er budsjettet med same tilskot som i dag 100,- / 40,- og 500,- for reine læringsverkstader. Styret er merksame på at det ligg framlegg til endringar i forskriftene som vil gi økonomiske konsekvensar. Mange studieforbund har reagert på feleire av desse forslaga, og det er grunn til å ha håp om at dei ikkje blir innført. Styret ber årsmøtet vedta det framlagte budsjettet, og vil legge fram eit revidert budsjett 2021 på medlemsmøtet hausten 2020 så sant konsekvensane av ny lov og forskrift er kjent.

Framlegg til vedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett 2021, med kompetansehevingstilskot til medlemsorganisasjonane på kr 1.476.469 blir godkjent.

## **Sak 7 Innkomne saker**

Saka blir presentert av styreleiar Eli Ulvestad.

Hålogaland amatørteaterselskap, HATS har sendt inn fire framlegg:

1. *Studieforbundet kultur og tradisjon skal arrangere instruktøropplæring i teater i samarbeid med medlemsorganisasjoner. Malen for dette er instruktørkursen som var arrangert med 15 studiepoeng i samarbeid med Høgskolen i Finnmark og Hålogaland Amatørteaterselskap*
2. *Være pådriver for at VOFO og andre nasjonale organisasjoner med frivillighet som målgruppe sprer sine kroner utover landet for å ha organisasjonsopplæring, med en veksel med onlinitilbud og regionale samlinger.*
3. *SKT skal ha en rekrutteringsstrategi som er attraktiv for nasjonale og etniske minoriteters organisasjoner*
4. *Arbeide for en tydeligere oppgavefordeling og støtteordning i amatørteaterfeltet.*
5. *Alle medlemmer har en stemme.*

Styret vedtok på styremøtet 10-11.02.2020 å gjere framlegg om at dagens strategi -og verksemdsplan skal forlengast til ut 2021. Dei to første framlegga frå HATS gjeld tiltak i planen og styret ber årsmøtet oversende framlegga til styret for vidare handsaming. Begge framlegga kan gjennomførast innanfor dagens plan. Framlegg tre om rekrutteringskampanje ønsker styret ikkje å støtte. Årsaka er tradisjonen om at studieforbunda ikkje "stel" organisasjonar frå kvarandre, og at ressursane studieforbundet rår over må nyttast på dei som allereie er medlemmer. Forslag fire omhandler studieforbundet si rolle i teaterfeltet. Styret meiner Studieforbundet gjennom de siste åra har forsøkt å bidra til felles løysingar for feltet, men at det har vist seg vanskeleg fordi det er sprikande syn og ønskje. Styret peiker på Kulturalliansen som felles interesseorganisasjon for å arbeide med saker organisasjonane er samde om. Det siste framlegget gjeld vedtektsendring. Frist jamfør vedtektene for å melde vedtektsendring er 01.01 kvart år, og styret innstiller på at denne blir avvist.

Vedtektene:

#### § 9. VEDTEKTSENDRINGAR

1. *Framlegg til endring av vedtektene må sendast innan 1. januar. Styret må sende dei innkomne framlegga til medlemsorganisasjonane seinast to månader før årsmøtet.*
2. *Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal på årsmøtet*

#### Framlegg til vedtak:

1. Forslaget om instruktøropplæring blir oversendt styret.
2. Forslaget om organisasjonsopplæring blir oversendt styret.
3. Forslaget om rekrutteringsstrategi blir ikkje vedteke.
4. Årsmøtet ser det ikkje som Studieforbundet si rolle å arbeide for ei tydelegare oppgavefordeling eller støtteordning på amatørteaterfeltet.
5. Forslaget om å endre vedtektene §4 pkt 2 fordeling av stemmerett blir avvist.

## Sak 8 Val

#### Medlemmane i valkomiteen:

Forbundet KYSTEN, Per Hillesund  
Norges Husflidslag, Randi Hole  
Slekt og data, Kjell Helge Moe

### Framlegg til styre:

Valkomiteen følger prinsippet om at det er organisasjonane som blir valde og som sjølve finn kandidat til vervet. Det vart ikkje utsendt spørsmål om nominasjonar til organisasjonane. Valkomiteen fekk inn to ønsjer frå organisasjonane på personar dei ynske inn i styret sjølv om det ikkje var sendt ut spørsmål. Desse ønskja fekk valkomiteen si støtte. Den einaste endringa av organisasjonar valkomiteen gjer framlegg om, er at Norges Bondekvinnelag får plass i styret på 2. varaplass. Då får dei innblikk i korleis studieforbundet blir styrt og blir inkludert i organisasjonen.

Framlegget er bygd på valkomiteen sine egne synspunkt om styresamansetjing:

Leiar	Eli Ulvestad	Noregs Ungdomslag	Vald til 2021
Nestleiar	Marit Jacobsen	Norges Husflidslag	Vald for to år, til 2022
Styremedlem	Joachim Svendsrød	Frilynt Norge	Vald for to år, til 2022
Styremedlem	Anne Lise Olsen	Norsk amatørteaterforbund	Attval for to år, til 2022
Styremedlem	Asbjørn Hjertvik	Seniordans Norge	Vald til 2021
Styremedlem	Linda Thiis	Norges Husflidslag	Vald til 2021
Styremedlem	Anne Schiøtz	Slekt og data	Vald til 2021
1 vara	Kai Roger Vatne	Noregs Ungdomslag	Attval for eit år, til 2021
2 vara	Jorunn Henriksen	Norges Bondekvinnelag	Vald for eit år, til 2021

### Framlegg til revisor:

Steinar Nilson, Nilson Revisjonskontor attval 1 år/vald til 2020.

### Styrets framlegg til valkomite, jf vedtektene:

#### **§6. VALKOMITEEN**

*Valkomiteen består av tre medlemsorganisasjonar der ein organisasjon er på val kvart år.*

*Medlemsorganisasjonane vel sjølv kven dei vil vera representert med i valkomiteen.*

*Styret kan utarbeide arbeidsskildring for valkomiteen.*

Norges Husflidslag	vald til 2021 (ikkje på val)
Slekt og data	vald til 2022 (ikkje på val)
Norges Bygdekvinnelag	vald til 2023 (ny)



STUDIEFORBUNDET  
KULTUR og TRADISJON

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2019



## LOV OM VOKSENOPPLÆRING (VOKSENOPPLÆRINGSLOVEN)

*§4. Overordnede mål for studieforbundenes opplæringsaktivitet*

**Studieforbundene skal drive sin opplæringsaktivitet på grunnlag av følgende overordnede mål:**

- a) Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.
- b) Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.
- c) Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.
- d) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.
- e) Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.
- f) Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2019



FLOTTE BUNADER PÅ GUDBRANDSDALEN I LYSTIG SELSKAP  
FOTO: ASNEERUP-ANDRØNES

# INNHOOLD

<b>Innleiing</b>	<b>6</b>
<b>Kap. 1   Organisasjon</b>	<b>8</b>
<b>Kap. 2   Kvalitet</b>	<b>10</b>
<b>Kap. 3   Læring</b>	<b>12</b>
<b>Kap. 4   Formidling/politikk</b>	<b>20</b>
<b>Kap. 5   Fylkesledd</b>	<b>22</b>
<b>Rapportering til Kompetanse Norge</b>	<b>31</b>
<b>Rekneskap</b>	<b>34</b>
<b>Balanse</b>	<b>35</b>
<b>Revisjonsberetning</b>	<b>38</b>

ARSMELDING 2019

UTGJEVE AV:  
Studieforbundet kultur og tradisjon

TEKST:  
Studieforbundet kultur og tradisjon

FOTO:  
Framsida: Slåttekurs på Ryhgsetra. Foto: Solveig Bakken  
Øvrige: Studieforbundet kultur og tradisjon og medlemsorganisasjonar

DESIGN:  
Krible

TRYKK:  
Merkur Grafisk - produksjonen er klimanøytral, CO<sub>2</sub>-utsleppet er kompensert



# INNLEIING

Studieforbundet er svært tilfredse med stor vekst i 2019, særleg ser vi betydeleg vekst innan teater. Kursrapportering for 2019 viser nær 170 000 kurstimar, omlag 5150 kurs, og nær 40.000 deltakar.

Kunnskapsdepartementet kom hausten 2019 med høyringsnotatet «Forslag til endringer i Voksenopplæringsloven og Friskoleloven med forskrifter». Her presenterte Regjeringa korleis dei vil dele studieforbunda mellom Kunnskaps- og Kulturdepartementet og derav følgjande forslag til revidert Voksenopplæringslov med forskrifter for begge departement. Slik det er tenkt, vil studieforbund som primært rettar verksemda mot kompetansepolitiske mål, få tilskotsmidlar frå Kunnskapsdepartementet. Studieforbund som rettar merksemda si mot å nå politiske mål innan kultur- og frivilligfeltet, vil få tilskotsmidlar frå Kulturdepartementet. SKT blir verande i Kulturdepartementet, og trur ei deling av tilskotsordninga for studieforbunda mellom to departement vil kunne bli ei god løysing. SKT stiller seg bak argumentasjonen om at dette vil kunne bidra til styrking av studieforbunda si rolle og identitet.

Det var derfor svært underleg at Regjeringa foreslo eit budsjettkutt for studie-



Eli Ulvestad, Styreleiar

**SKT blir verande i Kulturdepartementet, og trur ei deling av tilskotsordninga for studieforbunda mellom to departement vil kunne bli ei god løysing.**

forbunda med 10 millionar midt på oppløpssida til ein slik stor omstillingsprosess. Slike kutt gjer det vanskeleg å oppretthalde stabiliteten i opplæringstilbodet. Heldigvis vann Voksenopplæringsforbundet og studieforbunda budsjettkampen, og resultatet vart eit budsjett på same nivå som i 2018.

Fyrste kursrekke av Trebåtbyggjar vart fullført dette året. Studieforbundet er stolt og glad for å ha fått teke del i utviklinga av denne kursrekke i samarbeid med instruktørar og Forbundet Kysten. SKT er og svært taknemleg for instruktørane våre og kursdeltakarane som villig har stilt opp i utviklinga av pilotkursrekke. Dei har brukt store ressursar og gjeve mykje av seg sjølve slik at dette har vorte ei plattform for kompetanseheving og nettverksbygging. Det er gledeleg å melde at samarbeidet held fram og at kursrekke startar opp att i 2020.

Våren 2019 kom Kompetanse Norge på tilsyn. Studieforbundet vart kontrollert på rutinar og informasjon og bruk av statlege tilskotsmiddel. Tilsynet gav god attendemelding på drift i Studieforbundet, men det kom eit pålegg om å endre praksis for utbetaling av tilretteleggingstilskot, TRT. Dette tilskotet kan berre nyttast til meirkostadar for

kursdeltakar som trengs særskilt tilrettelegging. Endringa vart sett i verk umiddelbart etter at tilsynsrapporten kom.

I 2019 har Studieforbundet hatt ei auka satsing på integreringskurs. Til prosjektet "Lokale kurs som integreringsarena", fekk SKT støtte frå Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet, IMDI. Dette til øyremerkte arbeid for å auke arbeids- og samfunnsdeltaking blant innvandrarar og barna deira. Måla var å få fleire innvandrarar med på lokale kurs, og å gjennomføre 20 kurs med ulike arrangørlag. Studieforbundet hadde eit ønske om at lokallaga skulle kunne rekruttere fleire innvandrarar på kurs, enten gjennom deltaking på ordinære kurs, eller ved at lokallaga heldt eigne spesialtilpassa kurs for målgruppa.

Etter vedtak i ekstraordinært årsmøte i oktober, kunne Studieforbundet med stor glede ynskje Norges Bygdekvinnelag velkommen, gjeldande frå 1.1.2020. Bygdekvinnelaget arbeider for likeverd og likestilling og viser kvinnesolidaritet utan grenser, lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med alle gode arbeidsområde og grunnideologi, vart det eit svært positivt vedtak. Studieforbundet er stolte og glade for å få Bygdekvinnelaget med i fellesskapet vårt.



## Kap. 1

# ORGANISASJON

Studieforbundet har 43 medlemsorganisasjonar per 31.12.2019. 15 av desse har fulle rettar og plikter i organisasjonen, og 28 organisasjonar har samarbeidsavtale med rett til å søke kurstilskot.

### MEDLEMS-ORGANISASJONAR

- › Folkeakademienes Landsforbund
- › Forbundet KYSTEN
- › Frilynt Norge
- › Hålogaland Amatørteaterselskap
- › Landslaget for lokalhistorie
- › Noregs Mållag
- › Noregs Ungdomslag
- › Norges Husflidslag
- › Norsk Amatørteaterforbund
- › Norsk Kulturarv
- › Norsk Målungdom
- › Norsk Quilteforbund
- › Seniordans Norge
- › Slekt og Data
- › Vestlandske Teatersenter

### ORGANISASJONAR MED SAMARBEIDSAVTALE

- › Båtlaget Braute
- › Fagurmakerne Norge
- › Fantasiforbundet
- › Foreningen for Historiske Festivaler
- › Fortidsminneforeningen
- › Håleyg vikingmarked
- › Knipleforeningen i Norge

- › Lofoten Vikinglag
- › MEMOAR
- › Møre frie vikingar
- › Nettverk for regionale teaterråd
- › Nordfjord vikinglag
- › Norges Linforening
- › Norges museumsforbund
- › Norsk Folkedraktforum
- › Norsk Forening for Fartøyvern
- › Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting
- › Norsk Selskap For Fotografi
- › Numedal Middelaldersenter
- › Organisasjonen Landsbyen
- › Organisasjon for Scenekjempere i Norge
- › Oseberg tekstilgruppe
- › Oslo amatør Bryggerlaug
- › Ravn Formidling
- › Trondheim vikinglag
- › Yddir vikinglag
- › Vestnorsk kulturakademi
- › Vestlandske teatersenter

*25.4 kom Yddir vikinglag som ny organisasjon med samarbeidsavtale.*

### STYRET

#### 31.01.2019

Eli Ulvestad NOREGS UNGDOMSLAG	leiar
Solveig T. Grinder NORGES HUSFLIDSLAG	nestleiar
Anne Lise Olsen NORSK AMATØRTEATERFORBUND	styremedlem
Frode A. Rismyhr FRILYNT NORGE	styremedlem
John Elvestad SENIORDANS NORGE	styremedlem
Linda Thiis NORGES HUSFLIDSLAG	styremedlem
Torbjørn Bergwitz LAUEN NOREGS UNGDOMSLAG	styremedlem
Anne Schiøtz SLEKT OG DATA	1. varamedlem
Tore Friis-Olsen FORBUNDET KYSTEN	2. varamedlem

#### 28.05.2019

Eli Ulvestad NOREGS UNGDOMSLAG	leiar
Solveig T. Grinder NORGES HUSFLIDSLAG	nestleiar
Anne Lise Olsen NORSK AMATØRTEATERFORBUND	styremedlem
Frode A. Rismyhr FRILYNT NORGE	styremedlem
Anne Schiøtz SLEKT OG DATA	styremedlem
Linda Thiis NORGES HUSFLIDSLAG	styremedlem
Kai Roger Vatne NOREGS UNGDOMSLAG	1. varamedlem
Tore Friis-Olsen FORBUNDET KYSTEN	2. varamedlem

## ANSATTE

Administrasjonen i Studieforbundet hadde ved utgangen av 2019 seks tilsette på 4,7 årsverk.

- › Kjærsti Gangsø, dagleg leiar
- › Bjørg Schultz
- › Linda Aaboen
- › Liv Skogstad
- › Tone Heskestad
- › Torunn Elise Kveen


Marte Aasheim Løkken har vore engasjert på timebasis for å jobbe med kurssøknada og rapportar, og Nina Ophaug har vore prosjektleiar på Treseminaret i 80% stilling.



SPLEISHCAMP 2019, NORDENS STØRSTE SOMMARLEIR FOR TEATERUNGDOM. ARRANGERT AV FRILYNT NORGE  
FOTO: MARIUS A. STADSÆTER



KJØLGAMAL ER DENNE STORKEITRUP? FRÅ TRESEMINARET PÅ HJERLEID 2019  
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN



NOREGS UNGDOMSLAG DANSAR SEG GIENNOM 2019  
FOTO: NOREGS UNGDOMSLAG



## Kap. 2

# KVALITET

### TILSKOT FRÅ KOMPE- TANSE NORGE

Studieforbundet får stats-tilskot frå Kunnskapsdepartementet. Denne budsjettposten blir delt mellom studieforbunda ut frå godkjente kurstimar åra før. Tilskotet blir brukt til kurs og opplæring i medlemsorganisasjonane. Det totale tilskotet frå departementet har dei tre siste åra vore slik:

### ADMINISTRASJON

#### Utbetaling av kurstilskot

Studieforbundet har ansvar for søknadar og utbetaling av tilskot til kurs og opplæring i alle ledd i medlemsorganisasjonane. Tilskotssatsane for 2019 var 98 kroner for timar med lærar og 40 kroner for

timar utan lærar (berre i kombinasjon med kurstimar med lærar). Læringsverkstad (kurs utan lærar/studiering utan lærar) får flatt tilskot kr. 500,- (uavhengig av timetalet og utan krav om dokumentasjon av utgifter).

Studieforbundet gjev ulik kursstøtte til timar med og utan lærar, fordi kurstimar med lærar er meir kostnads-krevjande. Kurstimar utan lærar blir rekna som ein viktig læringsarena, men erfaringa

viser lågare kostnader.

Opplæring og informasjon til kursarrangørar om kurs og tilskotsreglar er ein viktig del av arbeidet på kontoret.

#### Kompetansehevingstilskot

Kompetansehevingstilskot skal styrkefagleg og pedagogisk arbeid i medlemsorganisasjonane. Tilskotet er lite byråkratisk og fordeler ressursar slik at medlemsorganisasjonane er i stand til å ta fagansvar i eigen organisasjon.

#### Fordelinga var slik:

	2019	2018	2017
Norges Husflidslag	491 157	479 522	484 851
Seniordans Norge	190 307	185 654	190 953
Frilynt Norge	216 465	195 655	175 605
Noregs Ungdomslag	124 121	118 844	126 103
Norsk Amatørteaterforbund	80 216	87 109	90 270
Forbundet KYSTEN	40 577	34 104	26 271
Hålogaland Amatørteaterselskap		26 674	29 064
Folkeakademiens Landsforbund	14 488	20 441	0
Stiftelsen Norsk Kulturarv	12 518	12 999	13 195
Vestlandske Teatersenter	5 546	8 733	10 710
Slekt og Data	6 314	6 150	5 905
Norsk Quilteforbund	5 095	5 593	5 870
Landslaget for lokalhistorie	3 157	3 034	3 030
Noregs Mållag	987	391	426
Norsk Målungdom	0	95	59
<b>Sum</b>	<b>1 190 948</b>	<b>1 184 998</b>	<b>1 183 400</b>

HATS YNSKTE IKKJE Å TA I MOT TILSKOTET SITT PÅ KR 27 925. STYRET VEDTOK Å LØYVE DETTE TILSKOTET TIL SKTS FYLKESLEDD I TROMS OG NORDLAND SOM IKKJE HAR FYLKESKOMMUNALT TILSKOT.

#### Tilskot frå departementet

Totalt til studieforbund	2019	2018	2017
Grunntilskot	22 200 000	22 200 000	21 200 000
Opplæringsstilskot	159 645 400	154 506 300	155 417 900
Tilretteleggingstilskot	32 178 600	31 271 000	31 256 100
Sett av til refusjon, samisk opplæring	500 000	500 000	500 000
<b>Totalt</b>	<b>214 524 000</b>	<b>208 478 000</b>	<b>208 374 000</b>
SKT	2019	2018	2017
Grunntilskot	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Opplæringsstilskot	18 499 630	17 466 353	17 249 042
Tilretteleggingstilskot	298 665	279 021	313 348
<b>Totalt</b>	<b>20 298 295</b>	<b>19 245 374</b>	<b>19 062 390</b>

Tilskotet blir gjeve medlemsorganisasjonar, men ikkje til organisasjonar med samarbeidsavtale. Fordelingsnøkkel er gjennomførte kurstimar med statstilskot dei siste to åra. Det blir ikkje kravd rekneskap for tilskotet, men organisasjonane må akseptere løyvingsbrev med følgjande kriterium;

- › Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet på eiga nettside
- › Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet, eige kursverksemd, kompetansehevingstilskotet og kva tilskotet er brukt til i eige årsmelding.

Kompetansehevingstilskotet 2019 er rekna ut frå kurstimar i 2016 og 2017.

**KursAdmin/nytt kursadministrasjonssystem**  
KursAdmin (VOFOs felles kursadministrasjonsprogram) er lite funksjonelt og fører utfordringar med seg både for kursarrangørar og saksbehandlarar på kontoret. Dei aller fleste av kursarrangørane søker støtte via den opne nettløysninga, enkelte sender framleis søknad på papirskjema.

Arbeidet med å lage eit nytt kursadministrasjonssystem starta opp i 2018. Studieforbundet er, saman med nokre av dei andre studieforbunda, aktivt med i arbeidsgruppa saman med VOFO.

### *Felles avtaler*

Gjennom VOFO har Studieforbundet avtale med Kopinor som gjev alle kursarrangørar rett til fri kopiering av beskytta materiell til bruk på kurs. Studieforbundet har og forsikringsavtale som sikrar alle kurslærarar på kurs med statstilskot, om det skulle skje ei ulykke.

### *Studieplanar*

Studieplanane våre er bygde opp etter ei matrise, der kvart emne har fleire studieplanar, men med ulikt timetal. Timetalet er tilpassa læringsmål og innhald. Det er kontinuerleg vurdert kor detaljerte studieplanane skal vera, og kor mange det er behov for. Også i 2019 vart det utarbeidd fleire nye studieplanar, både fordi det er nye organisasjonar med nye kursemne, men og fordi det er fornuftig å ha meir spesialiserte studieplanar.

### *Lag/kurs teke ut i internkontroll 2019*

Studieforbundet har plikt til å kontrollere at tilskotet blir brukt slik formålet blir uttrykt i Voksenopplæringsloven. Kunnskapsdepartementets revisjonsinstruks stiller krav til korleis kontrollen skal gå for seg, og stikkprøvekontroller blir gjort jamleg.

*I 2019 vart 34 lag kontrollert og godkjent, fordelt på 67 kurs:*

### **Noregs Ungdomslag**

Bygstad UI 2 kurs  
Hellesylt UI 2 kurs  
Symra 2 kurs  
UI Fram Lavangen 2 Kurs  
Tunsberg Leikarring 3 kurs

11 kurs

### **Forbundet KYSTEN**

Fjell kystlag 2 kurs  
Kystlaget Øster Riisøer 2 kurs  
Loggen Kystlag 2 kurs  
Sagvågen kystlag 2 kurs  
Sveio kystlag kurs

9 kurs

### **Norges Husflidslag**

Fet Husflidslag 2 kurs  
Grenland Husflidslag 2 kurs  
Halden Husflidslag 2 kurs  
Stange Husflidslag 2 kurs  
Stokke Husflidslag 2 kurs  
Stord Husflidslag 2 kurs  
Tønsberg Husflidslag 2 kurs

14 kurs

### **Frilynt Norge**

Levanger Nye Teater 2 kurs  
Musikalfabrikken 2 kurs  
Nøtterøy Amatørteater 1 kurs  
Tut & Kjær (2018) 2 kurs  
Ørsta og Volda Ballettskule 2 kurs

9 kurs

### **Hats**

Svolvær Byteater (2018) 3 kurs  
UIL Røyken 2 kurs  
Vesterålen Teater 2 kurs

7 kurs

Kap. 3

# LÆRING

## Kurstimar delt på organisasjon

	2017	2018	2019
Norges Husflidslag	65 226	63 012	63 571
Friylt Norge	27 212	29 708	35 528
Seniordans Norge	25 482	24 495	23 675
Noregs Ungdomslag	16 154	17 194	15 882
Norsk Amatørteaterforbund	10 264	12 772	10 252
Forbundet KYSTEN	5 059	4 643	5 418
Nettverk for regionale teaterråd		1 579	4 688
Hålogaland Amatørteaterselskap HATS	3 672	2 113	1 670
Stiftelsen Norsk Kulturarv	1 667	1 544	1 531
Studieforbundet kultur og tradisjon	1 015	1 038	1 179
Folkeakademiens Landsforbund	1 095	1 044	1 029
Slekt og Data	847	972	940
Vestlandske Teatersenter	603	930	780
Vikinglaga	622	627	745
Norsk Quilteforbund	681	494	497
Båtlaget Braute	429	452	470
Landslaget for lokalhistorie	491	451	437
Noregs Mållag	156	189	376
Fortidsminneforeningen	179	378	306
Norges museumsforbund	115	630	230
Knipleforeningen i Norge	135	158	192
Organisasjon for scenekjempere i Norge	80	0	100
Norsk Folkedraktforum	61	42	70
Norske historiske spel		0	59
Fantasiforbundet	80	48	56
Vestnorsk kulturakademi	127	44	22
Norsk Selskap for Fotografi	57	12	
Memoar	51	75	
Norges Linforening		16	
Oslo Amatørbryggerlaug		8	
Norsk Forening for Fartøyvern		15	
<b>SUM</b>	<b>161 560</b>	<b>164 683</b>	<b>169 703</b>

	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunar	332	341	346	334	335
Arrangørar	930	975	988	1 005	978
Kurs	5 067	5 169	5 260	5 129	5 125
Deltakarar	40 423	39 929	41 528	39 804	39 921
<b>Kurstimar</b>	<b>152 119</b>	<b>160 062</b>	<b>161 560</b>	<b>164 683</b>	<b>169 703</b>

## Kurstimar delt på fylke

FYLKE	KURS	TIMAR	DELTA-KARAR	TILSKOT
Østfold	206	6 263	1 534	427 138
Akershus	835	29 350	5 562	226 1791
Oslo	199	9 081	1 615	833 169
Hedmark	337	8 986	2 261	654 754
Oppland	349	11 822	2 662	1 021 342
Buskerud	225	6 968	1 759	596 555
Vestfold	397	13 340	3 252	114 4513
Telemark	220	8 253	1 895	917 526
Aust-Agder	111	3 601	1 082	343 099
Vest-Agder	139	3 683	1 088	279 262
Rogaland	258	7 549	1 940	541 885
Hordaland	409	11 826	3 177	1 013 337
Sogn og Fjordane	124	3 270	1 250	285 514
Møre og Romsdal	272	7 858	2 555	700 698
Nordland	260	8 403	1 915	585 107
Troms	203	5 910	1 440	459 152
Finnmark	49	1 094	397	91 528
Trøndelag	532	22 446	4 537	2 048 440
<b>SUM</b>	<b>5 125</b>	<b>169 703</b>	<b>39 921</b>	<b>1 420 4810</b>

## Emnestatistikk

	KURS	TIMAR	DELTA-KARAR
Tekstil	1 831	47 958	10 609
Dans	1 218	39 592	15 614
Teater, revy og drama	683	47 370	5 176
Tre	285	7 670	1 498
Teikning, maling mm	0	0	0
Tradisjonsmat	13	180	62
Metall	101	2 641	482
Organisasjon	0	0	0
Miljø	0	0	0
Anna	648	16 302	4 265
<b>SUM</b>	<b>4 779</b>	<b>161 713</b>	<b>37 706</b>

## BUNADOPPLÆRINGA

Bunadopplæringa er ei kursrekke på seks modular, og ein tilleggsmodul, som følgjer læreplanen i bunadtilverkarfaget VG3/opplæring i bedrift. Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag (NH), Noregs Ungdomslag (NU), Norsk folkedraktforum (NFF) og Studieforbundet. Kursrekkeja kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. Modulane har vore arrangert på Raulandsakademiet i Rauland og Norsk institutt for bunad og folkedrakt på Fagernes, med kurslærarane Joar Vaagø, Mona Lund-Riise Løking, Barbro Tronhuus Storlien, Inger Petersen, Torild A. Fossnes, Ann Lundekvam, Katrine Bringsdal, Eli Vesaas, Bodil Enger og Anny Strand.

*I 2019 er følgjande ni modular gjennomførte:*

### Kursrekke 2017 – 2019 intensiv 1 ½ år

- › Modul 6: Saum i kvinnebunad og innføring i tilpassing, 20 deltakarar

### Kursrekke 2017 – 2020, 3 år

- › Modul 4: Skjorte og linsaum, 19 deltakarar
- › Modul 5: Saum i mansbunad og innføring i tilpassing, 13 deltakarar

### Kursrekke 2019 – 2020

#### intensiv 1 ½ år

- › Modul 1: Introduksjon til bunadtilverkarfaget. Fagtema: snorer og band, 20 deltakarar

## TRE- seminaret

- › Modul 2: Drakthistorie og bindingslære, 18 deltakarar
- ### Kursrekke 2019 – 2021, 3 år

- › Modul 1: Introduksjon til bunadtilverkarfaget. Fagtema: snorer og band, 16 deltakarar

- › Modul 2: Drakthistorie og bindingslære, 14 deltakarar

### Tilleggsmodular

- › Mønsteravtak og gradering, 13 deltakarar
- › Mønsteravtak og gradering, 12 deltakarar

## VEVOPPLÆRINGA

Vevopplæringa er ei kursrekke på sju modular, samt ein tilleggsmodul som følgjer læreplanen i handvevarfaget VG3/opplæring i bedrift. Vevopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag og Studieforbundet. Kursrekkeja går over tre år, og kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. Modulane har vore arrangerte på Raulandsakademiet på Rauland i Telemark med kurslærarane Rita Vistad, Eli Wendelbo og Hilde Opedal Nordby.

*I 2019 er følgjande seks modular gjennomførte:*

- › Modul 1: Moglegheiter i veven. Innføring og utforsking, 6 deltakarar
- › Modul 2: Lerret- og lerretsvarianter, 7 deltakarar
- › Modul 3: Kypert- og kypertvarianter, 7 deltakarar
- › Modul 4: Sateng og dreiel, 7 deltakarar

- › Modul 7: Bindetråsteknikkar/ dobbeltsidige bindingar, 12 deltakarar

- › Tilleggsmodul: WeavePoint, 9 deltakarar

## TREBÅTBYGGING

Kursrekkeja i Trebåtbyggjar starta hausten 2017 og vart fullført dette året med i alt åtte modular. SKT er stolt og glad for å ha fått teke del i utviklinga av denne kursrekkeja i samarbeid med instruktørar og Forbundet Kysten. Kursrekkeja byggjer på læreplanen for trebåtbyggjarfaget Vg3/opplæring i bedrift. Modulane har vore arrangert på to ulike plassar; Museet Kystens Arv i Stadsbygd og Risør Trebåtbyggeri i Risør.

Det er gledeleg å sjå attande på eit nært og godt samarbeid med instruktørane og kursdeltakarane som villig har stilt opp i utviklinga av kursrekkeja. Det er imponerende kor mykje ressursar, tid, pengar og kor mykje dei har gjeve av seg sjølve slik at dette har vorte ei plattform for kompetanseheving og nettverksbygging. Samarbeidet held fram med ny kursrekke i 2020.

- › Modul 6: Klinkbygging, 9 deltakarar
- › Modul 7: Kostnadsoverslag, HMS og Nordisk båtstandard vart avlyst på grunn av for få påmeldte.
- › Modul 8: Teikning og dokumentasjon, 9 deltakarar
- › Modul 9: Motormontering i trebåt, 7 deltakarar



SVÆRT GAMALT OG SÆRMERKT LIV TIL BANDA-STAKK FRÅ HÅNDVERK+ 2019  
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN



ÈIN TREBÅT BLIR TIL FRÅ MODULKURSET TREBÅTBYGGJAR, HER VED RISØR TREBÅTBYGGERI  
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN



VAKKER PUSTAVENNALD BRAR OG MILJØVEI LEGNINGSPOSISJONSMALING FRÅ TRESEMINARET 2019  
FOTO: TORBJØRN LARSEN

## TRESEMINARET 2019

TREseminaret feira i 2019 15 år! Dette vart markert med, sjølvsagt, gode kurs, nokre nye kurs, blide deltakarar, dyktige instruktørar, god bakst, festmiddag, nydeleg ver og buskspel i krokane. Nye kurs av året var spikking av Totenskei, tradisjonelle målingsteknikkar og bokbinding. Det vart i alt gjennomført 10 kurs med til saman 78 deltakarar.

TREseminaret er eit samarbeidsprosjekt mellom Dovre handverkscenter, Handverkskolen, Norges Husflidslag, Senter for bygdekultur og Studieforbundet kultur og tradisjon. TREseminaret blir arrangert årleg i veke 17 ved Hjerleid skole og handverkscenter på Dovre. Seminaret er eit fagseminar som består av ei rekkje handverks- og husflidskurs på tre og fire dagar, samt tilbod om foredrag på kveldstid. Det er og tilbod om kurs i husflid- og restaureringsteknikkar som står på "raudliste" over trua handverk.

TREseminaret gjev årleg tilbod om kurs til 5. og 8. klassetrinn i regionen. Skulane Dovre og Lesja deltok med 22 elevar og 29 elevar på ulike aktivitetar og på Barnas TREseminar deltok 31 barn. 40 elevar frå vidaregåande byggfag ved Steinkjer vidaregåande skole, Vinstra vidaregåande skule og Lillehammer vidaregåande skole avd nord, samt 12 elevar frå Handverkskolen Vg2 byggteknikk fekk tilbod om eit firedagars spesialkurs.

Studieforbundet, ved Linda Aaboen og Torunn Elise Kveen var prosjektleiar for TREseminaret 2019.

## SCENEROM - KURS I REGI OG TEATERPRODUKSJON

Kursrekkja som vart utvikla på oppdrag frå Teateralliansen vart ikkje gjennomført i 2019.

## FAGDAGANE I BUNAD OG FOLKEDRAKT

Fagdagane i bunad og folkedrakt er eit samarbeid mellom Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet kultur og tradisjon.

Fagdagane 2019 vart arrangert i Oslo 25. - 26. august, med hovudtema tradisjon, bevaring og kvalitet. Målet med fagdagane er å samle ulike delar av bunadsmiljøet til foredrag, kunnskapsdeling og debatt. Nytt i år var bunadsparade på Karl Johan. Fagdagane samla i 2019 nær 130 deltakarar. Frå Studieforbundet deltok Linda Aaboen, Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø.

## BUNAD OG BÆREKRAFT

Bunad og bærekraft er eit opplæringsprogram for bunadtilverkarar/teksttilhandverkarar. Målet er å styrke og utvikle den kommersielle tenkinga gjennom samlingar for å sikre næringsgrunnlaget i bedriftene. Skjøppå Kunnskaps-park fekk tilskot frå Norsk

# h+

Kulturråd og Studieforbundet er engasjert til å vera prosjektleiar der Linda Aaboen har ansvar for gjennomføring. Tidlegare bedriftsrådgjevarar, Dag Lindvig og Harald Granrud, er engasjerte for den bedriftsfaglege delen. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag. 10 deltakarar var hausten 2019 med på samling i Oslo. Dei to siste samlingane blir gjennomført våren 2020.

## HÅNDVERK+

Seminaret Håndverk+ vart arrangert for fyrste gong i 2018, og på nytt 8.-9. juni 2019 i Vågå. Studieforbundet, Vågå husflidslag, Gudbrandsdalsmusea, Norsk Kulturarv, Vågå kommune, med fleire, er samarbeidspartar. Interiørdesignar Kirsten Visdal er initiativtakar og medarrangør.

Designarar, handverkarar og produsentar møtest til tverrfaglege verkstader for å utveksle idear og kompetanse, og for å jobbe saman, vere debattforum for tradisjonshandverk og design som inspirerer og provoserer, vere utstillingsvindaug for tidsaktuelt handverk og design, samt bidra til at tradisjonshandverk skal overleve i gammal og ny drakt. For publikum boud dagane på utstillingar, foredrag, debatter og kurs. Studieforbundet arrangerte seminaret "Bunad og design? Er bunaden det den en gang var, eller er bunaden også gjenstand for trender og



påvirkning?" med innlegg, eit panel og debatt. Seminaret samla nær 70 deltakarar.

## HANDVERKSSKOLEN AS

Studieforbundet og Norsk Kulturarv eig Handverksskolen AS på Dovre i Oppland fylke. Studieforbundet eig 33,3 % av aksjane. Handverksskolen AS er ein vidaregåande skule godkjend etter Friskoleloven, som tilbyr Vg2 Design og trearbeid med vekt på treskjering, Vg2 Smed, og Vg2 Byggteknikk, med vekt på tradisjonsbygging. Handverksskolen fekk i 2018 godkjenning for Vg2 Overflateteknikk med vekt på tradisjonelle teknikkar og Vg2 tekstil og design, samt i 2019 godkjenning for VG1 handverk, design og produktutvikling. Det er planlagt oppstart av både Vg2 overflateteknikk og VG1 handverk, design og produktutvikling hausten 2020. Kvar klasse har godkjenning for å ta inn 15 elevar.

Representantar frå Studieforbundet i formelle organ: Kjærsti Gangsø (styreleiar), Solveig Torgersen Grindar (styremedlem) og Bjørg Schultz (leiar i valkomiteen).

## KURSARRANGØR- OPPLÆRING

Studieforbundet ser det som viktig å vera med på kursarrangør opplæring. Studieforbundet deltar etter invitasjon, på eige initiativ, og om det let seg gjennomføre av praktiske årsakar. I 2019 var Studieforbundet med på

kursarrangør opplæring på 19 samlingar for om lag 1200 deltakarar.

Fagleg oppdatering og utvikling av kurslærarar er ansvaret til medlemsorganisasjonane, men Studieforbundet er med på opplæring av kurslærarar når organisasjonane ber om det. Det vart gjennomført kurslærarsamling 12. mars i Oslo for Bunadopplæringa og Vevopplæringa. Der deltok 16 kurslærarar.

## VOFO REISESTIPEND

VOFO har ei reisestipendordning for studiereiser til utlandet. Formålet med ordninga er å bidra til kompetanseheving, motivasjon og idéutvikling i opplæringsarbeidet i studieforbund og medlemsorganisasjonane deira. Studieforbundet lagar prioritert liste blant søkerane våre.

I 2019 fekk desse VOFO reisestipend i Studieforbundet kultur og tradisjon.

- › Ragnhild Arntsen, Teatergruppa Integretto, Sjriffen Kultursenter, Norsk Amatørteaterforbund
- › Gunn Gjervoldstad, Slekt og Data (Vest-Agder)
- › Åse Camilla Krager, Loggen kystlag
- › Arild Larsen, Norges Husflidslag

## INTEGRERING

Studieforbundet har dei siste åra jobba aktivt med å legge til rette for at kurs skal vere

tilgjengelege og synlege for alle, og at kurs i frivillige organisasjonar skal vere eit verkty for integrering. Kursa Ull på norsk, Mat på norsk, med fleire, er døme på vellykka bruk av praktiske kurs til å lære språk. I 2017 fekk desse kursa tilskot gjennom Kompetansepluss frivillighet. Dessverre fekk vi ikkje tilskot gjennom denne ordninga i 2018 og 2019. Det vart difor søkt støtte gjennom IMDI og andre instansar, slik at desse kursa og andre kurs med innvandrarar og flyktningar likevel kunne gjennomførast.

IMDI løyvde 300.000 til prosjektet "Lokale kurs som integreringsarena". Resultatet vart 12 lokallag som heldt 23 kurs med 102 deltakarar. Studieforbundet deltok på 12 samlingar rundt i landet der prosjektet vart presentert, og arrangerte ein fagdag i samarbeid med Vofo Innlandet.

Studieforbundet har som mål å bidra slik at lokallaga rekrutterer fleire innvandrarar på kurs, anten gjennom deltaking på ordinære kurs, eller ved at lokallaga lagar eigne spesialtilpassa kurs for målgruppa. Handlingsplanane dei siste fire åra forsterkar ytterlegare tiltak knytt til at kursverksemda skal bli meir inkluderande og nå ei meir mangfaldig målgruppe. Delar av denne verksemda krev tilrettelegging. I 2019 var det ein lita auke i timetal med tilretteleggingstilskot, men kursa nådde færre deltakarar enn i 2018.

## KOMPETANSEPLUSS FRIVILLIGHET

Kompetansepluss frivillighet er midlar frå Kompetanse Norge, til kurs med mål å medverke til å styrke grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning, munnleg norsk og IKT for vaksne.

SKT søkte om fem kurs med tema masketeknikkar, skinnpreparering og norsk kultur og matkultur. Dessverre kom vi ikkje gjennom nålauget, og fekk avslag på alle fem søknadar også denne gongen, grunna veking av utvalde kriterium og fagområde framfor andre. Studieforbundet søker tilskot frå Kompetanse Norge til desse kursa på vegne av, og i samarbeid med lokallaga, i høve til eit oppsett budsjett. Søknadsfristen er ein gong i året.

## KURS I FENGSEL

Studieforbundet gjennomførte 19 kurs med 4578 timar og 94 deltakarar med særskilt tilskot frå Stiftelsen UNI og Justis- og beredskapsdepartementet. Med heilt bortfall av tilskot over statsbudsjettet i 2018, vart det ein betrakteleg nedgang i kursverksemda i fengsel. SKT hadde ambisjonar om å greie å snu dette i 2019. Studieforbundet har nær ved dobla kurstalet frå 2018, frå 10 til 19 kurs, og meiner denne kursverksemda er eit svært positivt bidrag og ønskjer å motivere fleire lag og kurslærarar til å vere med.

Overordna mål har vore å vidareutvikle kurs i dei fengsla der det allereie er eit etablert samarbeid, samt starte opp att kursverksemd i fengsel som har falt ut. I 2019 var det kurs i samarbeid med Indre Østfold Fengsel, Ullersmo Fengsel, Bredtveit fengsel, Trondheim Fengsel og Ringerike Fengsel.

I tillegg til kurs, arrangerte Studieforbundet fagdagen "Innanfor til utanfor", som fagdagar nr to i rekkja. Professor Jon-Roar Bjørkvold snakka om det musiske menneske sett i spel, og representantar frå Norges Musikkhøgskule, fritidsleiarar frå fengsla og Fengselsfuglane bidrog.

Arbeidet har bygd på samarbeid med lokale fagpersonar og eldsjeler, og blir arrangert under føresetnad av tilskot, denne gongen frå prosjektmidlar. Målgruppa for tilbodet er alle domfelte. Prosjektleiar i 2019 har vore Torunn Elise Kveen.

## TILRETTELEGGINGS-TILSKOT

Tilretteleggingstilskot, TRT, er ein tilskotspost frå Kompetanse Norge og skal nyttast til å dekke meirkostnadar når deltakarar har bruk for særskilt tilrettelegging. Gjennom tilsyn våren 2019 vart det avdekt at praksisen til Studieforbundet måtte endrast, og det er ikkje lenger høve til å nytte TRT til å kompensere for meirforbruk av tid for lagsmedlemmar og andre (dugnad).

ORGANISASJON	KURS	TIMAR	DELTA-KARAR	TILSKOT
SKT	18	428	84	52 186
Forbundet KYSTEN	2	214	4	9 100
NATF	15	688	66	71 545
Noregs Mållag	5	196	24	32 650
Seniordans Norge	4	162	12	11 700
Noregs Ungdomslag	5	114	38	27 475
Fortidsminneforeningen	1	72	1	4 777
Norges Husflidslag	26	618	131	89 222
<b>Sum</b>	<b>76</b>	<b>2 492</b>	<b>360</b>	<b>298 655</b>

FYLKE	KURS	TIMAR	DELTA-KARAR	TILSKOT
01 - Østfold	10	282	39	34 872
02 - Akershus	8	276	44	32 537
03 - Oslo	4	160	18	180 00
04 - Hedmark	1	33	1	3 000
05 - Oppland	17	293	94	49 322
06 - Buskerud	1	40	6	3 000
07 - Vestfold				
08 - Telemark	1	57	5	3 000
09 - Aust-Agder	1	200	3	7 000
10 - Vest-Agder				
11 - Rogaland	5	174	38	28 852
12 - Hordaland	1	14	4	400
14 - Sogn og Fjordane	1	14	1	2 100
15 - Møre og Romsdal	5	196	24	32 650
50 - Trøndelag	17	631	76	72 822
1 - Nordland	2	68	5	6 800
19 - Troms				
20 - Finmark	2	54	6	4 300
<b>Sum</b>	<b>76</b>	<b>2 492</b>	<b>360</b>	<b>298 655</b>

## Kap. 4

# FORMIDLING/POLITIKK

### MEDLEMSKAP

#### *Voksenopplæringsforbundet, VOFO*

VOFO er ein paraply- og interesseorganisasjon for studieforbunda i Norge. Studieforbundet er medlem i VOFO og deltek i aktivitetane og nettverket. Studieforbundet har ikkje hatt representasjon til VOFOs styre i 2019. Eli Ulvestad er medlem i valkomiteen. Eli Ulvestad og Kjærsti Gangsø har møtt i representantskapsmøte.

#### *Frivillighet Norge*

Frivillighet Norge er ein interesseorganisasjon for alle frivillige organisasjonar i Norge. Studieforbundet er medlem i Frivillighet Norge. Kai Roger Vatne møtte som Studieforbundet sin representant på årsmøtet.

#### *Förbundet Nordisk*

#### *Vuxenupplysning, FNV*

FNV er eit samarbeid mellom studieforbund frå Danmark, Finland, Norge og Sverige. Samarbeidet har to årlege møtestader, generalsekretærmøte i januar og årsmøte/årskonferanse i september. Kjærsti Gangsø møtte på generalsekretærmøtet i januar. Årsmøte/årskonferansen



FRÅ ARENDALSUKA 2019. VOFO, NORGES HJESLIDSLAG, NØREGG, UNGDOMSLAG OG STUDIEFORBUNDET REPRESENTERTE SAMAN MED FYLKESORDFØRAR (AGDER) I MOENÅTEN (API)

2019 var i København, Danmark. Linda Thiis, Solveig Torgersen Grindler, Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø var representantane våre. Signhild Stave Samuelsen frå Senterpartiets studieforbund er styremedlem og Kjærsti Gangsø er varamedlem.

#### *Teateralliansen*

Teateralliansen skal auke samarbeidet mellom nasjonale, frivillige og demokratiske amatørteaterorganisasjonar, og ivareta og fremme felles faglege og interessepolitiske saker. Teateralliansen er også driftsorganisasjon for manus-tenesta DRAMAS. I 2019 er Frilynt Norge, Norsk

Amatørteaterforbund, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon medlemsorganisasjonar. Teateralliansen, som paraplyorganisasjon, fekk ikkje driftstilskot i 2019, men tilskot til manusbanken DRAMAS. Hausten 2019 vart det vedteke å avslutte Teateralliansen som paraplyorganisasjon, skifte namn til DRAMAS og arbeide vidare som driftsselskap for manusbanken. Eli Ulvestad og Kjærsti Gangsø er styremedlemmar.

#### *Kulturalliansen*

Kulturalliansen er ei samanslutning for frivillige kulturorganisasjonar i Norge som

arbeider for å styrke posisjon og rammevilkår i samfunnet for det frivillige kulturfeltet. Kulturalliansen vart formelt stifta i 2016. Studieforbundet er observatørorganisasjon. Kjærsti Gangsø vart på årsmøtet 2019 vald inn i styret.

### *Stiftinga Norsk senter for folkedans og folkemusikk/Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff)*

Stiftinga Norsk senter for folkedans og folkemusikk med Rådet for folkemusikk og folkedans arrangerer årleg eit representantskapsmøte med deltakarar frå eit breitt folkemusikk-, folkedans- og arkivmiljø. Representantskapsmøtet vel eit råd som skal vera talerøyr for feltet mellom møta. Kjærsti Gangsø var nestledar i Rådet og styremedlem i Stiftinga for folkemusikk og folkedans fram til årsmøtet 2019 i april. Etter ein større organisasjonsgjennomgang, vart det gjort endringar der Rådet vart lagt ned. Styret overtok oppgåvene og Kjærsti Gangsø vart attvald til styret for perioden 2019-2023.

### *Nettverket «Løfte handverket»*

Norsk handverksinstitutt har ansvar for nettverket "Løfte handverket", som organiserer årlege møtestader og seminar. Linda Aaboen har deltatt i nettverket på vegne av Studieforbundet.

### *Bunad på Unescolista*

Den folkelege og allmenne bunadbruken i Norge står i ei særstilling i internasjonal samanheng. Derfor samarbeider Studieforbundet med Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Norsk Folkedraktforum for få bunadbruken i Norge på UNESCOs oversikt over immateriell kulturarv. Produksjon av bunadar krev omfattande kunnskap i tradisjonar og i handverksfag. Vi som står bak initiativet ønskjer å bevisstgjera både myndigheitene, produsentar, og folk flest om kva for verdfull kulturell praksis bunadane representerer. Vi ønskjer skarpere fokus på behovet for god handverkutdanning i Norge. Ei innskriving av bunadbruk i Norge på denne lista vil kunne synleggjera bunaden som verdfull immateriell kulturarv. Vi arbeider for å levere ein nominasjonssøknad i 2020/21.

### *ARENDALSUKA*

Arendalsuka er ein årleg møtearena mellom næringsliv, organisasjonar og politikarar, lokalisert i Arendal. Studieforbundet var representert med Kjærsti Gangsø frå 12.-16. august 2019. I tillegg til å delta på ulike seminar arrangert av andre, vart det gjennomført politiske samtalar med regionale og nasjonale politikarar frå V, AP, KRF og Frp. Kai Roger Vatne, NU, Solveig Torgersen Grinder og Marit Jacobsen, NH, deltok på samtalen.

### **STATSBUDSJETT**

Regjeringa Solberg la fram forslag til statsbudsjett for 2019 med framlegg om å kutte tilskot til studieforbunda. Det var sett i verk aktivt lobbyarbeid, og i nært samarbeid med Vofo, medlemsorganisasjonane og dei andre studieforbunda vart det gjort endringar i komiteen slik at den endelege løyvinga vart auka til 214 524 mill.

### **SKRIFTLIGE INNSPEL PÅ HØYRINGAR**

Studieforbundet sendar skriftlege innspel på høyringar i aktuelle saker til myndigheitene, medlemsorganisasjonar og ved andre aktuelle saker.

### **Studieforbundet sendte høyringsuttale på fem saker i 2019:**

- › Kulturdepartementet, innspel om Kulturmeldinga
- › UDIR, og fagfornyinga VG 1 design og tradisjonshandverk
- › UDIR, støtte til Handverksskolen sin søknad om å utvide med VG1 tradisjonshandverk
- › Kunnskapsdepartementet om endring i forskrift, overgang mellom studieforbund
- › Kunnskapsdepartementet, om framlegg til ny og forskrifter

## Kap. 5

# FYLKESLEDD I STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

### FYLKESLEDD

I følge Lov om voksenopplæring skal studieforbund ha ei regional organisering. Kva for organisasjonsform og kva for oppgaver som skal ligge til den enkelte regionen, seier lova ingenting om. SKT har vald å etablere fylkesledd med organisasjonsnummer og fylkeskontaktar i kvart fylke. I enkelte fylke blir det gjeve økonomisk støtte til dei regionale ledda av Studieforbundet. Tilskotsordninga frå fylkeskommunane til organisasjonane er under press, og det er framleis stor usikkerheit om korleis samanslåing av fylka vil slå ut. Ni fylkeskommunar ga ikkje fylkeskommunal støtte til studieforbunda for 2019. Dette er ei auke frå 2018.

I fylke utan tilskot er det krevjande for medlemsorganisasjonane i SKT å samarbeide. Det er og meir utfordrande å ha eit samarbeid med fylkeskommunen, Vofo regionalt og dei andre studieforbunda. Dei enkelte fylkesledda i SKT må difor definere oppgåvene sine etter tilgjengelege økonomiske ressursar og motivasjon. SKT er godt representert i styra i dei regionale ledda i Voksenopplæringsforbundet (VOFO).

SKT arrangerer annakvart år ei samling for fylkesledda. Formålet med samlinga er å gje fagleg påfyll, informasjon frå Studieforbundet og motivasjon for å drive organisasjonsarbeid i Studieforbundet. I 2019 vart det halde ei ekstra samling for fylkesledda på Garder Kurs og konferansesenter ved Gardermoen 19.–20. september. Denne samlinga vart halde fordi 2019 har vore året der fleire fylkesledd har vald å slå seg saman i tråd med Regionreforma. Det står framleis att samanslåing av Østfold, Akershus og Buskerud til Viken

samt Troms og Finnmark. Desse er planlagt gjennomført i løpet av 2020.

Tilsette i SKT deltar også på samlingar/årsmøte i regionene etter førespurnad. I 2019 deltok SKT på åtte slike arrangement.

FYLKE	LEIAR I FYLKESLEDDET	ORGANISASJON	FYLKESTILSKOT 2019	2018	REPRESENTERTE I VOFO-FYLKE
Østfold	Björg Lundeby	Norges Husflidslag	69 299	51 206	Björg Lundeby
Akershus	Ann Langøy	Norges Husflidslag	156 972	140 185	
Oslo	Jeanette Åjer	Norges Husflidslag	0	0	Jeanette Åjer
Hedmark	Arild Larsen	Norges Husflidslag	57 424	71 778	Brita Rusten Åmot
Oppland	Brita Rusten Åmot	Norges Husflidslag	0	0	Brita Rusten Åmot
Buskerud	Rita Vistad	Norges Husflidslag	83 200	56 885	Rita Vistad
Vestfold	Ann Ormåsen	Norges Husflidslag	0	0	Kari Lie
Telemark	Kari Lie	Noregs Ungdomslag	0	0	Kari Lie
Aust-Agder	Bente Hove Lyding	Norges Husflidslag	78 000	70 500	Bente H. Lyding og Aud K. Olsbu
Vest-Agder	Kari Mysen	Noregs Ungdomslag	0	0	
Rogaland	Kristin B. Rasmussen	Norges Husflidslag	25 543	23 860	Anne Margrethe Myhre
Hordaland	Gunn Hauge	Norges Husflidslag			Gunn Hauge
Sogn og Fjordane	Gunn Hauge	Norges Husflidslag	38 031	42 705	Gunn Hauge
Møre og Romsdal	Synøve Eriksen Vadøy	Norges Husflidslag	0	0	
Sør-Trøndelag	Åge Nortun	Slekt og Data	68 270	70 085	
Nord-Trøndelag	Tove Solvang Rian	Norges Husflidslag		61 590	Tove Solvang Rian
Trøndelag	Irene S. Adolfsen	Norges Husflidslag	0	0	Svenn Holdahl
Nordland	Astrid Isaksen	Norges Husflidslag	0	0	Petra Mari Linaker
Troms	Anne-Karin Jungård	Norges Husflidslag	40 419	80 504	Kari Skadsem
Finnmark	Anne-Karin Jungård	Norges Husflidslag	80 504	47 961	Kari Skadsem

## ØSTFOLD

ORGANISASJONSNUMMER: 997743091

### Styremedlemmar:

- › Bjørg Lundeby, Norges Husflidslag
- › Hilde Røer-Lindemann, Norges Husflidslag
- › Randi Myrvang, Seniordans Norge
- › Gro Staal Martinsen, Norges Husflidslag
- › Bjørnar Warem, Seniordans Norge

SKT Østfold fekk 69 299,- kroner i tilskot frå Østfold fylkeskommune, ei auke frå 2018. I tillegg vart det utbetalt 44 000,- frå VOFO Østfold i samband med samanslåing til VOFO Viken. Det er noko nedgang i kurs, deltakarar og timar. Medlemsorganisasjonane fekk 427 138,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Østfold. Bjørg Lundeby representerte SKT Østfold i styret i VOFO Østfold.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Østfold:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	206	6 263	1 534	427 138
2018	256	7 675	1 824	530 453

## AKERSHUS

ORGANISASJONSNUMMER: 997671635

### Styremedlemmar:

- › Anne Langøy, Norges Husflidslag
- › Jorun Bøhler, Seniordans Norge
- › Anne Marie Madssveen, Norges Husflidslag
- › Gunnar Høiås, Seniordans Norge
- › Eli Sundby, Norges Husflidslag

SKT Akershus fekk 159 972,- kroner i tilskot frå Akershus fylkeskommune. Dette er ei auke frå 2018. Talet på kurs, timar og deltakarar har og hatt oppgang. Medlemsorganisasjonane fekk 2 261 791,- kroner i statleg støtte gjennom SKT til kurs og opplæring i Akershus. SKT Akershus har ikkje hatt styrerepresentasjon i VOFO Akershus.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Akershus:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	835	29 350	5 562	2 261 791
2018	872	30 665	5 624	2 343 623

## OSLO

ORGANISASJONSNUMMER: 999137474

### Styremedlemmar:

- › Jeanette Ajer, Norges Husflidslag
- › Ellen Rygh, Norges Husflidslag

Heller ikkje SKT Oslo har fått fylkeskommunalt tilskot frå Oslo fylkeskommune i 2018 og 2019.

Likevel har det vore ei svært gledeleg auke både i kurs, timar og deltakarar, noko som resulterer i ei god auke i den statlege støtta til kurs og opplæring frå SKT. Medlemsorganisasjonane fekk 833 169,- kroner. Jeanette Ajer har representert SKT Oslo som styremedlem i VOFO Oslo.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Oslo:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	199	9 081	1 615	833 169
2018	155	5 227	1 339	485 908

## INNLANDET

19. mars 2019 vart det halde årsmøte for både SKT Oppland og SKT Hedmark. Det vart da fatta vedtak om å slå saman fylkesledda til eitt felles SKT Innlandet. Det nye fylkesleddet trer i kraft frå 1. januar 2020.

## HEDMARK

Organisasjonsnummer: 997111273

*Styremedlemmar:*

- › Arild Larsen, Norges Husflidslag
- › Inger Maria Sundal, Norges Husflidslag
- › Kåre Opheim, Seniordans Norge

SKT Hedmark fekk 57 424,- kroner i tilskot frå Hedmark fylkeskommune, ein nedgang frå 2018. Medlemsorganisasjonane fekk 654 754,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Hedmark. Nedgangen kjem på grunn av reduksjon i kurs, timar og deltakarar. Brita Rusten Åmot representerte SKT Oppland i styret for VOFO Innlandet.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Hedmark:*

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	337	8 986	2 261	654 754
2018	370	9 775	2 504	676 922

## OPPLAND

ORGANISASJONSNUMMER: 897843862

*Styremedlemmar:*

- › Brita Rusten Åmot, Norges Husflidslag
- › Bjørg Schultz, Norges Husflidslag

SKT Oppland fekk ikkje tilskot frå Oppland fylkeskommune korkje 2018 eller 2019. Det er framleis ein liten nedgang i kurs, timar og deltakarar. Medlemsorganisasjonane fekk 1 021 342,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Oppland. Brita Rusten Åmot har representert SKT Oppland i styret i VOFO Innlandet.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Oppland:*

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	349	11 822	2 662	1 021 342
2018	357	12 160	2 793	1 032 572

## BUSKERUD

ORGANISASJONSNUMMER: 994481851

*Styremedlemmar:*

- › Rita Vistad, Norges Husflidslag
- › Rønnaug Ust, Seniordans Norge
- › Solveig Lauvålien, Norges Husflidslag

SKT Buskerud fekk 83 200,- kroner i tilskot frå Buskerud fylkeskommune, ei svært gledeleg auke etter nedgang sidan 2016. Til samanlikning var tilskotet 56 885,- i 2018. Der er framleis auke både i timar og deltakarar. Medlemsorganisasjonane fekk 596 555,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Buskerud. SKT Buskerud har vore representert ved Rita Vistad i VOFO Buskerud.

*Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Buskerud:*

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	225	6 968	1 759	596 555
2018	225	6 929	1 724	541 390

## VESTFOLD OG TELEMAR

Det vart på ekstraordinært årsmøte 27. november for SKT Telemark og SKT Vestfold vedtatt å slå saman fylkesledda til SKT Vestfold og Telemark. Det nye fylkesleddet trer i kraft frå 1. januar 2020.

## VESTFOLD

ORGANISASJONSNUMMER: 990624984

*Styremedlemmar:*

- › Ann Ormåsen, Norges Husflidslag

SKT Vestfold har ikkje fått fylkestilskot på fleire år, så heller ikkje i 2019. Likevel har nedgangen i kursaktivitet snudd. Både kurs, timar og deltakarar har hatt ei god auke, noko som resulterte i at medlemsorganisasjonane fekk 1 144

513,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring. SKT Vestfold har hatt styrerepresentasjon i VOFO Vestfold ved Kari Lie (SKT Telemark). timer og deltagerer i Vestfold. Medlemsorganisasjonene mottok 958 971 kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statlig støtte til kurs og opplæring dette året. Studieforbundet kultur og tradisjon i Vestfold har hatt styrerepresentasjon i VOFO Vestfold ved Kari Lie (SKT Telemark) i 2018.

#### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Vestfold:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	397	13 340	3 252	1 144 513
2018	330	11 472	2 708	958 971

## TELEMARK

ORGANISASJONSNUMMER: 997466802

#### Styremedlemmar:

- › Kari Lie, Noregs Ungdomslag
- › Solveig Myrtrøen, Norges Husflidslag
- › Else Prestvik, Seniordans Norge
- › Ingrid Venanger, Slekt og data

SKT Telemark fekk heller ikkje i 2019 fylkeskommunalt tilskot frå Telemark fylkeskommune. Trass dette, har SKT Telemark hatt fin auke i både mengde kurs og timar i høve 2018. Det har samtidig vore ein liten nedgang i mengde deltakarar. Medlemsorganisasjonane fekk 917 526,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Telemark. Kari Lie representerer SKT Telemark i VOFO Telemark.

#### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Telemark:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	220	8 253	1 895	917 526
2018	201	7 027	1 959	763 155

## AGDER

Det vart 9. desember halde ekstraordinært årsmøte i SKT Aust-Ager og SKT Vest-Agder med tanke på samanslåing til SKT Agder. Dette vart vedteke, og SKT Agder vil tre i kraft frå 1. januar 2020.

## AUST-AGDER

ORGANISASJONSNUMMER: 998065593

#### Styremedlemmar:

- › Bente Hove Lyding, Norges Husflidslag
- › Aud Kari Olsbu, Norges Husflidslag
- › Magne Blågestad, Noregs Ungdomslag
- › Halfdan Mørland, Slekt og Data
- › Astrid Stuestøl, Noregs Mållag

SKT Aust-Agder fikk 78 000,- kroner i støtte frå fylkeskommunen, ei auke i høve 2018. Det har vore ein liten nedgang i timar, medan mengda kurs er stabil og deltakartalet har gått noko opp i høve 2018. Medlemsorganisasjonane fekk 343 099,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Aust-Agder. Bente Hove Lyding og Aud Kari Olsbu representerte SKT Aust-Agder i styret i VOFO Agder.

#### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Aust-Agder:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	111	3 601	1 082	343 099
2018	122	3 888	1 318	387 290



## VEST-AGDER

ORGANISASJONSNUMMER: 898196992

### Styremedlemmar:

- › Kari Mysen, Noregs Ungdomslag
- › Tor Steinar Fromreide, Norges Ungdomslag
- › Kathrine H. Bringsdal, Norges Husflidslag
- › Reidun Knutsen, Norges Husflidslag

SKT Vest-Agder fekk ikkje tilskot frå Vest-Agder fylkeskommune korkje i 2018 eller 2019. Mengde kurs og deltakarar har hatt ein liten nedgang det siste året, medan timar har auka. Medlemsorganisasjonane fekk 279 262,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Vest-Agder. Det har ikkje vore representant for SKT Vest-Agder i Vofo Agder.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Vest-Agder:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	139	3 683	1 088	279 262
2018	138	4 048	1 116	285 200

## ROGALAND

ORGANISASJONSNUMMER: 997645227

### Styremedlemmar:

- › Kristin B. Rasmussen, Norges Husflidslag
- › Anne Margrethe Myhre, Norges Husflidslag
- › Synnøve Jørgensen, Noregs Ungdomslag

SKT Rogaland fekk 25 543,- kroner i tilskot frå Rogaland fylkeskommune. Det har vore ein liten nedgang på både kurs, timar og deltakarar. Medlemsorganisasjonane fekk 541 885,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Rogaland. Anne Margrethe Myhre har representert SKT Rogaland i VOFO-regionen.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Rogaland:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	258	7 549	1 940	541 885
2018	280	8 802	2 118	626 375

## VESTLAND

På ekstraordinært årsmøte i SKT Sogn og Fjordane og SKT Hordaland 12. desember 2019 vart det vedteke å slå fylkesledda saman til SKT Vestland  
Nytt styre tok til frå 12. desember 2019:

ORGANISASJONSNUMMER: 997898036

### Styremedlemmar:

- › Gunn Hauge, Norges Husflidslag
- › Marit Melvær Berge, Norges Husflidslag
- › Liv Hadsel Bjerknes, Forbundet KYSTEN
- › Oddrun E. Larsen, Noregs Ungdomslag
- › Bjørg Haukeland Gravdal, Seniordans Norge

## HORDALAND

ORGANISASJONSNUMMER: 997898036

### Styremedlemmar:

- › Gunn Hauge, Norges Husflidslag
- › Gina Blomberg, Norges Husflidslag
- › Liv Hadsel Bjerknes, Forbundet KYSTEN
- › Oddrun E. Larsen, Noregs Ungdomslag
- › Bjørg Haukeland Gravdal, Seniordans Norge

SKT Hordaland fekk 38 031,- kroner i tilskot frå Hordaland fylkeskommune, ein liten nedgang frå 2018. SKT Hordaland har hatt auke i kurs, medan timar og deltakarar har hatt ein liten nedgang. Medlemsorganisasjonane fekk 1 013 337,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Hordaland. Gunn Hauge representerte SKT Hordaland i styret i VOFO Hordaland.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Hordaland:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	409	11 826	3 177	1 013 337
2018	406	12 072	3 183	990 863

## SOGN OG FJORDANE

ORGANISASJONSNUMMER: 998462487

### Styremedlemmar:

- › Synøve E. Vadøy, Norges Husflidslag
- › Ola Hatlestad, Seniordans Norge
- › Inge Masdal, Noregs Ungdomslag

SKT Sogn og Fjordane fekk ikkje tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Medlemsorganisasjonane fekk 285 514,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Sogn og Fjordane. Dette er noko mindre og i tråd med reduksjonen på både kurs og timar. Deltakaretalet har derimot hatt ei gledeleg auke i fylket. VOFO Sogn og Fjordane vart avvikla i november 2015, og difor har det ikkje vore noen representant frå SKT Sogn og Fjordane.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Sogn og Fjordane:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	124	3 270	1 250	285 514
2018	128	3 435	1 160	286 480

## MØRE OG ROMSDAL

ORGANISASJONSNUMMER: 989367722

### Styremedlemmar:

- › Åge Nortun, Slekt og Data
- › Asbjørn Hjertvik, Seniordans Norge
- › Gunvor Dybvik-Friisvold, Norges Husflidslag
- › Reidun Flatøy, Noregs Ungdomslag
- › Marianne Fivelstad, Noregs Ungdomslag

SKT Møre og Romsdal fekk 68 270,- kroner i tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, ein liten nedgang frå 2018. Det har vore god auke på både kurs, timar og deltakarar, noko som har resultert i at medlemsorganisasjonane fekk 700 698,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Møre og Romsdal. SKT Møre og Romsdal har ikkje hatt nokon representant i VOFO Møre og Romsdal.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Møre og Romsdal:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	272	7 858	2 555	700 698
2018	264	7 482	2 431	598 656

## TRØNDELAG

ORGANISASJONSNUMMER: 984208006

### Styremedlemmar:

- › Tove Solvang Rian, Norges Husflidslag
- › Ola Lilleøkdal, Seniordans Norge
- › Dagrun Gravbrøt, Seniordans Norge
- › Torunn Helen Langås, Norges Husflidslag
- › Linn Natalie Martinussen, Noregs Ungdomslag

SKT Trøndelag har hatt sitt fyrste heile år i felles styre etter samanslåing av fylkesledda for Nord- og Sør-Trøndelag. SKT Trøndelag har så langt ikkje fått tilskot frå Trøndelag fylkeskommune, trass i lovnad om dette. Trøndelag fylke gav 61 590,- kroner i fylkeskommunal støtte til SKT Trøndelag i 2018.

Det har vore ei svært gledeleg auke i kurs, deltakarar og timar i Trøndelag, noko som resulterte i at medlemsorganisasjonane fekk 2 048 440,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Trøndelag. Tove Solvang Rian har representert SKT Trøndelag i VOFO Trøndelag.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Trøndelag:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	532	22 446	4 537	2 048 440
2018	480	18 286	4 131	1 616 511

## NORDLAND

ORGANISASJONSNUMMER: 999563430

### Styremedlemmar:

- › Irene S. Adolfsen, Norges Husflidslag
- › Edith Eliassen, Seniordans Norge
- › Svenn Holdahl, Norges Husflidslag
- › Frode Moen, Noregs Ungdomslag

SKT Nordland fekk ikkje tilskot frå Nordland fylkeskommune i 2019. Også i 2019 har det vore ein nedgang i kurs og deltakarar, medan timar har hatt ei god auke. Dette har gjeve seg utslag i auka tilskot til medlemsorganisasjonane. Dei fekk 585 107,- kroner gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon i statleg støtte til kurs og opplæring i Nordland i 2019. Svenn Holdahl har representert SKT Nordland i VOFO Nordland i 2019.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Nordland:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	260	8 403	1 915	585 107
2018	278	8 251	1 965	561 835

## TROMS

ORGANISASJONSNUMMER: 997971833

### Styremedlemmar:

- › Astrid Isaksen, Norges Husflidslag
- › Nelly Zakariassen, Norges Husflidslag
- › Audhild Myrvoll, Seniordans Norge
- › Asbjørg Botolfsen, Noregs Ungdomslag

SKT Troms fekk ikkje tilskot frå Troms fylkeskommune. Også dette året har fylket hatt ein nedgang i mengde kurs, timar og deltakarar. Medlemsorganisasjonane fekk 459 152,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Troms. Petra Mari Linaker har representert SKT Troms i styret i VOFO Troms.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Troms:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	203	5 910	1 440	459 152
2018	212	5 998	1 531	460 422

## FINNMARK

ORGANISASJONSNUMMER: 920503810

### Styremedlemmar:

- › Anne Karin Jungård, Norges Husflidslag
- › Svein Thomassen, Noregs Ungdomslag
- › Elizabeth Hannevig Karlsen, Seniordans Norge
- › Irene Nordhaug Hansen, HATS


SKT Finnmark fekk 40 419,- kroner i tilskot frå Finnmark fylkeskommune, noko som er nærast ei halvering frå 2018. Finnmark har opplevd ein nedgang i kursaktivitet, både når det gjeld kurs og timar, medan deltakartalet har hatt ei god auke. Medlemsorganisasjonane fekk 91 528,- kroner gjennom SKT i statleg støtte til kurs og opplæring i Finnmark. SKT Finnmark var representert ved Kari Skadsem i VOFO Finnmark.

### Kursstatistikk for Studieforbundet kultur og tradisjon i Finnmark:

ÅR	KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT
2019	49	1 094	397	91 528
2018	55	1 441	376	124 615



BUNADAR FRÅ HEILE NORGES SAMLA TIL FRAMVISING OG SEMINAR PÅ HÅNDVERK + 2019 ÅRANGERTT VÅR  
FOTO: TORJUN ELJEE KYDEN




## RAPPORTERING TIL KOMPETANSE NORGE 2019

Rundskriv F-16-09 sier at «I årsberetningen skal studieforbundene blant annet rapportere om forhold knyttet til oppfyllelsen av de overordnede målene fastsatt i voksenopplæringslovens § 4.»

### RAPPORTERING PÅ OVERORDNEDE MÅL FOR STUDIEFORBUND:

- a) Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.
- b) Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.
- c) Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.
- d) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.
- e) Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.
- f) Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.

Fordeling av kurstimer på emne:



## 1. STUDIEFORBUNDETS VERKSEMD OG DEI OVERORDNA MÅLA:

### Studieforbundets formål og profil

Vårt føremål er: "Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjent med og lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap." Studieforbundet kultur og tradisjon (SKT) har i nært samarbeid med 43 medlemsorganisasjonar arbeidd for å tilby opplæring i tråd med føremålet over heile landet. SKT fekk ein ny medlemsorganisasjon i 2019.

### Studieforbundets/medlemsorganisasjonanes målgrupper

SKT er oppteken av å nå ei mangfaldig målgruppe. Alle kurs er i prinsippet opne for alle. For å sikre målet har SKT i 2019 fokusert på å nå nye målgrupper, også dei som treng særleg tilrettelegging. Trass auka merksemd og andre eksterne tilskot til denne type kurs, er veksten liten. SKT har tru på at innsatsen i 2019 gjev effekt i 2020. Nye medlemsorganisasjonar bidreg til å nå ei breiare målgruppe.

### Tema i studieforbundets/medlemsorganisasjonanes opplæringsverksemd

SKT sin kursportefølje ligg innafør kurs i kultur- og tradisjonsfag. Det er lite endring innafør tema frå år til år, men det kjem enkelte nye tema gjennom nye medlemsorganisasjonar og satsingsområde i medlemsorganisasjonane. Til dømes har Norges Husflidslag sitt «Holdbart» ført til fleire kurs i reparasjon både i tekstil og andre material. SKT utviklar stadig nye studieplanar, og deler opp eksisterande, grunna søknader om støtte til kurs med nye emne og ønskje om å spesifisere nærare kva tema vi har kurs i.

### Val av arbeidsformar i opplæringsverksemda

SKT og medlemsorganisasjonane arrangerer tradisjonelle kurs med og utan lærar. Snittlengda har auka frå 32,11 til 33,11 timar per kurs. Deltakartal har auka frå 7,76 til 7,79 frå 2018 til 2019. Det er ein tendens at dei praktiske kursa blir noko kortare, mens kurs i teaterfag aukar i timetal per kurs. SKT har tradisjonelt hatt stor opplæringsverksemd i form av læringsverkstader (studiering). Frå 2018 til 2019 har andelen av desse minka frå 19,31 til 18,58 prosent.

### Eit eige strategidokument for studieforbundet

Studieforbundets årsmøte vedtar 3-årig strategi- og verksemdsplan.

## RAPPORTERING TIL KOMPETANSE NORGE 2019 FORTS.

### MÅLOPPNÅING OG ENDRINGAR I 2019

#### Tiltak for å nå nye målgrupper

SKT er oppteke av å ha kurs i heile landet og kan rapportere kursverksemd i fleire kommunar enn i 2018. For å hindre utanforskap, har vi og jobba med å nå personar som ikkje enkelt sjølve finn fram til kursverksemda vår. Rekruttering og nye målgrupper er med i all kursarrangør opplæring, 19 kurs med 1214 deltakarar i 2019.

#### Tiltak for å utvikle nye kurstilbod/tema

SKT har i samarbeid med kunnskapsparken Skåppå utvikla eit nytt nasjonalt kursopplegg for tekstilhandverkarar. Kurset er eitt av få i SKT sin portefølje som har krav om heimearbeid og innlevering mellom samlingane. Den nasjonale modulbaserte kursrekkeja Trebåtbyggjar vart avslutta i 2019. Kursrekkeja vart evaluert og reorganisert og startar på nytt i litt endra form i 2020.

#### Tiltak for å utvikle nye arbeidsformar

Sjå punktet over.

#### Tiltak for å prioritere tilskot

- › SKT har ulikt timetilskot for timar med og utan lærar.
- › Medlemsorganisasjonane får kompetansehevingstilskot for å arbeide med fagleg utvikling av eige kursverksemd
- › Det er sett tak på omfang av kurs/kurstimar knytt til teaterproduksjonar som får opplæringstilskot.
- › Etter tilsyn frå Kompetanse Norge, måtte Studieforbundet endre rutinar for tildeling av Tilretteleggingstilskot, TRT. Styret gjorde i 2019 vedtak om at kontoret kan prioritere tilskot til kurs for målgrupper som er i utanforskap, med jamleg rapportering til styret, og gjeld i stor grad kurs for innvandarar, for personar med redusert funksjonsevne, og for innsette i fengsel.
- › Landsdekkande kurs blir arrangert i samarbeid med medlemsorganisasjonane etter heilt særskilt læreplan, i utvalde emne (bunadopplæringa, vevopplæring og trebåtbyggjaropplæringa) og etter vedtak i styret sin tiltaksplan, får dei høgare tilskot.

#### Tiltak for å gjøre måla kjende i organisasjonen

Overordna mål, formålet med statstilskot er alltid med ved kursarrangør opplæring. SKT var på 19 slike kurs med 1214 deltakarar. Voksenopplæringsloven med overordna mål ligg på nettstaden til SKT, og blir gjennom denne rapporten trykt i årsmeldinga som også blir offentleggjort på nettstaden. Måla er også med i vår trykte informasjonsbrosjyre.

### **Kva for resultat i 2019 er viktige i høve til å oppfylle dei overordna måla?**

Alle dei 5125 kurs med 39 921 deltakarar bidrar til å oppfylle eit eller fleire av måla. Anna som er viktig er;

- › Tett og nært samarbeid med medlemsorganisasjonane i opplæringsspørsmål
- › Brukarundersøking, om tilhøvet mellom arrangørane og SKT med særskilt godt resultat.
- › Stor deltaking på organisasjonane sine møtestader for å drive opplæring og informasjon om kurs/vaksenopplæringslova mm
- › Godt fagleg samarbeid med utvalde institusjonar og kompetansesenter
- › At statstilskotet vart indeksregulert, ikkje redusert
- › Fagleg og organisatorisk påfyll av paraplyorganisasjonen VOFO.

### **VERKSEMD SOM IKKJE BLIR RAPPORTERT TIL SSB (POST 70), MEN SOM LIKEVEL ER RELEVANT I HØVE TIL DEI OVERORDNA MÅLA**

#### **Skildre type tiltak og finansieringskjelde**

- 1) SKT er medeigar i Handverksskolen AS i Oppland. Skulen er godkjent etter Friskoleloven og gir tilbod i VG2 smed, byggfag og treskjerjing.
- 2) Fagdagan i bunad og folkedrakt, i samarbeid med Norsk Institutt for bunad og folkedrakt, Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag og Norsk folkedraktforum. Ei årvisse nasjonal samling med fagleg påfyll, kunnskapsdeling og debatt.
- 3) Håndverk+, samarbeid med Vågå kommune, Norsk kulturarv og lokale foreiningar i nærområdet. Ei samling for handverkarar og designarar, inklusiv utstilling og debatt.

#### **I kva grad blir denne type aktivitet vurdert til å ha samanheng med aktivitet som blir rapportert til SSB?**

- 1) Handverksskolen – utdannar framtidige kurslærarar. Ikkje økonomisk samarbeid (mål L)
- 2) Fagdagan – møtestad for organisasjonane og einskildpersonar som er opptatt av bunad. Svært mange av kurslærarane på lokale kurs deltek. Finansierte ved særskilte tilskot og eigenbetaling. (mål J og K)
- 3) Håndverk+ er ein viktig møteplass for utvikling av nye produkt, inspirasjon for handverkarar som ofte blir nye kurslærarar, og for handverkarar som allereie er kurslærarar. Eigen finansiering gjennom særskilte tilskot og eigenbetaling. (Mål J og K)



# RESULTATREGNSKAP 2019

Studieforbundet kultur og tradisjon









	Note	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018	Budsjett 2019
<b>DRIFTSINNEKTER</b>				
Opplæringstilskot Kompetanse Norge		18 499 640	17 466 353	17 490 000
Tilretteleggingstilskot Kompetanse Norge		298 655	279 021	360 000
Grunntilskot Kompetanse Norge		1 500 000	1 500 000	1 500 000
Andre inntekter	1	3 239 012	2 636 261	2 867 018
<b>SUM DRIFTSINNEKTER</b>		<b>23 537 307</b>	<b>21 881 636</b>	<b>22 217 018</b>
<b>DRIFTSKOSTNADAR</b>				
Løn	5	3 482 861	3 414 495	3 725 000
Avskrivningar	6	43 900	37 100	
Andre driftskostnader		1 126 965	1 115 399	1 223 092
Reise/ møtekostnader		670 598	756 102	624 000
Kursstøtte/prosjekt	2	18 187 273	17 204 868	16 954 926
<b>SUM DRIFTSKOSTNADAR</b>		<b>23 511 597</b>	<b>22 527 964</b>	<b>22 527 018</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		25 710	-646 328	-310 000
<b>FINANSKOSTNADAR/ FINANSINNEKTER</b>				
Bankomkostningar			0	
Renteinntekter		53 983	66 330	60 000
<b>SUM FINANSKOSTNADER/ FINANSINNEKTER</b>		<b>53 983</b>	<b>53 983</b>	<b>60 000</b>
<b>RESULTAT ETTER FINANSPOSTER</b>		<b>79 693</b>	<b>-592 345</b>	<b>-250 000</b>
<b>ÅRETS RESULTAT</b>		<b>79 693</b>	<b>-592 345</b>	<b>-250 000</b>

# BALANSE 2019

Studieforbundet kultur og tradisjon

	Note	2 019	2018
<b>Eigendelar</b>			
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
Inventar	6	201 565	154 875
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>201 565</b>	<b>154 875</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Likvider	3	4 072 012	4 352 005
Aksjer		60 000	60 000
Kundefordringar		404 105	174 039
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>4 536 117</b>	<b>4 586 044</b>
<b>SUM EIGENANDEL</b>		<b>4 737 682</b>	<b>4 740 919</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Anna egenkapital		953 645	1 533 643
Årets resultat		79 693	-579 998
<b>Sum anna egenkapital</b>		<b>1 033 338</b>	<b>953 645</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>1 033 338</b>	<b>953 645</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Levrandørgjeld/ kursstøtte	4	3 142 873	3 225 796
Offentlege trekk og avgifter		216 547	231 569
Anna kortsiktig gjeld		344 923	329 909
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>3 704 343</b>	<b>3 787 274</b>
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b>		<b>4 737 682</b>	<b>4 740 919</b>

Vågå/Oslo 11.02.2020

		
<b>Kjærsti Gangsø</b> Dagleg leiar	<b>Eli Ulvestad</b> Styreleiar	<b>Solveig Torgersen Grinder</b> Nestleiar
		
<b>Asbjørn Hjertvik</b> Styremedlem	<b>Anne Lise Olsen</b> Styremedlem	<b>Anne Schiøtz</b> Styremedlem
		
<b>Linda Thiis</b> Styremedlem	<b>Kai Roger Vatne</b> Styremedlem	

**NOTER**

**Note 1 Diverse inntekter**

	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Bunadopplæringa	773 880	784 675
Vevopplæringa	208 040	261 250
Trebåtbyggeropplæringa	161 600	155 340
Tilskot Justisdepartementet, fengselskurs	145 189	0
Scenerom	15 000	160 787
TREseminaret	667 049	464 000
Refusjon VOFO Oppland, vofokonsulent	0	186 379
Oppland Fylkeskommune, flyktring som ressurs	146 000	144 000
Tilskot Stiftelsen UNI	100 000	0
Gaveforsterkningsordninga	25 000	0
Tilskot IMDI	300 000	0
Bunad og bærekraft	181 160	0
Diverse	516 094	477 812
<b>sum</b>	<b>3 239 012</b>	<b>2 636 261</b>

**Note 2 Kurs og prosjekt**

Kurstilskot	14 204 810	12 597 922
Tilretteleggingstilskot, Kompetanse Norge	298 655	351 446
Andre tilskot tilrettelegging	256 867	
Kompetanseheving medlemsorganisasjonane	1 190 948	1 183 400
Bunadopplæringa	645 504	427 190
Vevopplæringa	306 396	313 716
Trebåtbyggeropplæringa	192 176	130 973
Scenerom	30 120	724 098
TREseminaret	631 609	600 580
Bunad og bærekraft	121 688	
Kompetansepluss frivillighet	0	141 325
Diverse	308 500	217 336
<b>Sum</b>	<b>18 187 273</b>	<b>16 687 986</b>

**Note 3 Likvider**

I posten inngår bunde bankinnskott kr. 125.732

**Note 4 Kurs**

Kr 2.896.157 er kurstillskott som ikkje er utbetalt per 31.12.19

**Note 5 Lønnskostnader**


	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Løn og feriepengar	2 686 790	2 536 660
Arbeidsgjevaravgift	228 054	215 054
Andre personalkostnader	43 813	185 923
Pensjonskostnader	524 234	476 858
Sum	<b>3 482 891</b>	<b>3 414 495</b>
Gjennomsnittleg antal årsverk:	4,7	

**Ytingar til leiande personar**

	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn	830 836	73 500
Anna godtgjersle	6 097	

**Note 6 Driftsmiddel**

	<b>Driftsmiddel, inventar</b>	<b>Kursprogram</b>	<b>Sum</b>
Innkjøpskost pr 1/1	208 335	309 375	517 710
+ Tilgang	90 590		90 590
= Innkjøpskost 31/12	<b>298 925</b>	<b>309 375</b>	<b>608 300</b>
Akkumulerte avskrivningar 31/12	221 335	185 400	406 735
= Bokført verdi 31/12	<b>77 590</b>	<b>123 975</b>	<b>201 565</b>
Årets ordinære avskrivningar	13 000	30 900	43 900



## NILSONS REVISJONSKONTOR A/S

Storgt. 69  
Bankforbindelse:  
Etnedal Sparebank  
2140.04.01648  
Revisornr. 988 913 081

Postboks 117  
2882 Dokka  
Telefon 61 11 25 70  
Telefax 61 11 19 74  
post@nilsonsrevisjon.no

Medlem i Den norske revisorforening

### UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon

#### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

##### *Konklusjon*

Vi har revidert foreningen Studieforbundet kultur og tradisjon' årsregnskap som viser et overskudd på kr 79 693. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2019, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### *Styrets ansvar for årsregnskapet*

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

##### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

#### **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokførings-skikk i Norge.

DOKKA, 26. februar 2020  
Nilsons Revisjonskontor AS



Bård Axel Nilson  
Statsautorisert revisor



«Det skal vere mogleg  
for alle som bur i Noreg  
å bli kjent med og  
lære kulturuttrykk og  
folkelege tradisjonar  
i skapande og trygge  
fellesskap.»

Studieforbundet kultur og tradisjon  
Vågavegen 35, 2680 Vågå  
tlf 61 21 77 50 • [post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)  
[www.facebook.com/kulturogtradisjon](http://www.facebook.com/kulturogtradisjon)  
[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no)

AV  
SLÅTTEN I GARDEN I VÅGÅ  
FOTO: SØNNEG BAKKEN



## **Strategisk plan 2018-2020/2021**

Vedteke på årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon 23 mai 2017, og  
prolongert på til 2018-2021 på årsmøtet 28 mai 2020.



Det skal vere mogleg for alle som bur i Norge å bli kjend med og lære kulturtrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap.			
Kurs og opplæring	Kvalitet og utvikling	Drift og organisasjon	Synleggjering og politikk
<p>Studieforbundet skal ha vekst i kursstilbodet og ha ei mangfaldig målgruppe med eit tilrettelagt kursstilbod.</p> <p>Medlemsorganisasjonane skal vere bevisst ansvarst sitt for utvikling av gode kurs, kurslærarar og kursarrangørar.</p> <p>I 2021 skal Studieforbundet: <ul style="list-style-type: none"> <li>Ha fleire og meir kvalifiserte kurslærarar og kursarrangørar.</li> <li>Ha arrangørar og kurs i 85% av kommunane i landet.</li> <li>Vere supplement til offentleg utdanning på utvalde område, og ha fleire tilbod i samarbeid med medlemsorganisasjonane</li> <li>Ha økt del kurs som utløyser tilretteleggingstilskot til meir enn 100 kurs årleg.</li> </ul> </p>	<p>Studieforbundet skal kvalitetssikre opplæringa og ha eit kontinuertleg fagleg og metodisk utviklingsarbeid.</p> <p>Medlemsorganisasjonane skal vere bevisst eige opplæringsarbeid og bidra til å utvikle dette.</p> <p>I 2021 skal Studieforbundet: <ul style="list-style-type: none"> <li>Ha utvikla nye kursstilbod i utvalde område i samarbeid med medlemsorganisasjonane.</li> <li>Ha deltatt i fagleg utviklingsarbeid på utvalde område i samarbeid med medlemsorganisasjonane</li> <li>Vere til stades for medlemsorganisasjonane i opplærings spørsmål.</li> <li>Ha strategisk bruk av kompetansehevingstilskotet</li> <li>Ha eit tilpassa og tydeleg tilskotssystem.</li> <li>Vere nær kursarrangørar, kurslærarar og kursdeitakarar og ha systematisk kvalitetssikring av eige arbeid</li> </ul> </p>	<p>Studieforbundet skal ha ein brukarorientert og effektiv drift med tilrettelegte verkøy og strukturar.</p> <p>Medlemsorganisasjonane skal vere sterkt med i utviklinga av Studieforbundet.</p> <p>I 2021 skal Studieforbundet: <ul style="list-style-type: none"> <li>Ha ope og tilgjengeleg kontor</li> <li>Vere aktiv på medlemsorganisasjonane sine møtearenaer</li> <li>Ha eit brukarvennleg kurs-, kommunikasjons- og rapporteringssystem, internt og eksternt.</li> <li>Ha eit tilpassa og effektivt system for utvikling av studieplanar</li> <li>Ha funksjonell organisering i alle fylke i tråd med regionprosessen i VOFO.</li> </ul> </p>	<p>Studieforbundet skal synleggjere eigen og medlemsorganisasjonane sin faglege eigenart og samfunnsnyttan av opplæringa.</p> <p>Studieforbundet skal ha styrka sitt politiske nettverk og vere ein synleg aktør for styresmaktene regionalt og nasjonalt.</p> <p>I 2021 skal Studieforbundet: <ul style="list-style-type: none"> <li>Bidra til at medlemmene i kultur- og utdanningskomiteane på Stortinget kjenner til Studieforbundet og medlemsorganisasjonane sitt opplæringsarbeid.</li> <li>Ha styrka offentleg finansiering</li> <li>Ha styrka forholdet mellom Studieforbundet og medlemsorganisasjonane på politikkområdet.</li> <li>Oppretthalde vår sterke profil og vere ein tydeleg stemme som opplæringsaktør for kulturfrivilligheita.</li> <li>Vere ein attraktiv samarbeidspartnar i aktuelle interessepolitiske og faglege nettverk.</li> </ul> </p>

# Framlegg budsjett 2021

## Studieforbundet kultur og tradisjon

	Rekneskap 2019	(reviderte) Budsjett 2020	Framlegg Budsjett 2021
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Opplæringstilskot Kompetanse Norge, Kunnskapsdeparte	18 499 640	19 721 303	22 070 000
Tilretteleggingstilskot Kompetanse Norge	298 655	300 000	300 000
Grunntilskot Kompetanse Norge	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Bunadopplæringa	773 880	650 000	650 000
Vevopplæringa	309 040	200 000	200 000
Trebåtbyggjaropplæringa	161 600	150 000	175 000
Prosjekt teaterinstruktøropplæring	15 000	200 000	0
Tilretteleggingstilskot, andre	468 852	0	0
TREseminaret	667 049	500 000	500 000
Andre inntekter	843 591	820 000	450 000
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>23 537 307</b>	<b>24 041 303</b>	<b>25 845 000</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Lønn/ honorar	3 482 861	3 865 000	3 900 000
Avskrivningar	43 900	38 000	45 000
Andre driftskostnader	1 170 835	1 103 000	1 111 000
Reise/ møtekostnader	670 628	700 000	640 000
Kurstilskot	14 215 085	14 600 000	17 012 531
Tilretteleggingstilskot Kompetanse Norge	298 655	300 000	300 000
Tilretteleggingstilskot, andre	256 867	120 000	0
Kompetansehevingstilskot	1 177 948	1 271 000	1 476 469
Bunadopplæringa	645 504	500 000	500 000
Vevopplæringa	309 396	180 000	180 000
Trebåtbyggjaropplæringa	192 175	150 000	150 000
Prosjekt teaterinstruktøropplæring	30 000	200 000	0
Andre prosjekt	386 134	417 000	80 000
TREseminaret	631 609	500 000	500 000
Kompetanse pluss - frivillig, VOX	0	0	0
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>23 511 597</b>	<b>23 944 000</b>	<b>25 895 000</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>25 710</b>	<b>97 303</b>	<b>-50 000</b>
<b>FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER</b>			
Bankomkostningar	0	0	
Renteinntekter	53 983	50 000	50 000
<b>SUM FINANSKOSTNADER/ FINANSINNTEKTER</b>	<b>53 983</b>	<b>0</b>	
<b>RESULTAT</b>	<b>79 693</b>	<b>147 303</b>	<b>0</b>

**Kompetansehevingstilskot til medlemsorganisasjonane.**

	2019	2020	2 021
Folkeakademiens landsforbund	1 488	14 814	8 376
Forbundet KYSTEN	40 577	41 511	39 414
Frilynt Norge	216 465	221 444	255 561
HATS	0	28 567	14 820
Human-Etisk forbund	0	0	172 636
Landslaget for lokalhistorie	3 157	3 230	3 479
NATF	80 216	82 061	90 196
Nettverket for regionale teateråd	0	0	24 551
Noregs Mållag	987	1 010	2 213
Noregs Ungdomslag	124 121	126 976	129 575
Norges Bygdekvinnelag	0	0	20 939
Norges Husflidslag	491 157	502 453	495 887
Norsk Kulturarv	12 518	12 806	12 046
Norsk målungdom	0	0	0
Norsk Quilteforbund	5 095	5 212	3 882
Seniordans Norge	190 307	194 684	188 705
Slekt og data	6 314	6 459	7 490
Vestlandske Teatersenter	5 546	5 674	6 699
<b>sum</b>	<b>1 177 948</b>	<b>1 246 901</b>	<b>1 476 469</b>

<b>Forventa utvikling kurstimar</b>	<b>rekneskap 2018</b>	<b>rekneskap 2019</b>	<b>budsjett 2020</b>	<b>budsjett 2021</b>
Båtlaget Braute	452	470	500	500
Fagurmarkerne i Norge	0	0	0	0
Fantasiforbundet	48	56	50	50
Folkeakademiens landsforbund	1 044	1 029	1 500	1 200
Forbundet KYSTEN	4 643	5 418	5 000	5 500
Fortidsminneforeningen	378	306	400	400
Frilynt Norge	29 708	35 528	31 500	37 000
Human-Etisk forbund	0	0	0	24 000
Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)	2 113	1 670	2 500	2 000
Knipleforeningen i Norge	158	192	200	200
Landslaget for lokalhistorie	451	437	500	500
Memoar	75	0	150	50
Nettverket for regionale teateråd	1 579	4 688	3 000	5 000
Noregs Mållag	189	376	200	400
Noregs Ungdomslag	17 194	15 882	17 500	16 000
Norges Bygdekvinnelag	0	0	3 200	3 000
Norges Husflidslag	63 012	63 571	64 000	64 000
Norges Linforening	16	0	50	50
Norges museumsforbund	630	230	700	300
Norsk Amatørteaterforbund	12 772	10 252	13 000	11 000
Norsk Folkedraktforum	42	70	50	80
Norsk Forening for Fartøyvern	15	0	50	50
Norsk Målungdom	0	0	50	0
Norsk Kulturarv/Senter for bygdekultur	1 544	1 531	850	1 600
Norsk Quilteforbund	494	497	500	500

Norsk Selskap For Fotografi	12	0	50	50
Norske historiske spel	0	59		100
Organisasjon for scenekjempere i Norge	0	100	50	100
Oslo amatør Bryggerlaug	8	0	50	50
Seniordans Norge	24 495	23 675	24 700	23 500
Slekt og Data	972	940	1 000	1 100
Studieforbundet	1 038	1 179	1 000	1 200
Vestlandske Teatersenter	930	780	1 000	800
Vestnorsk kulturakademi	44	22	100	50
Vikinglaga i Norge	627	745	700	800
<b>Totalt</b>	<b>164 683</b>	<b>169 703</b>	<b>174 100</b>	<b>201 130</b>

# Studieforbundet kultur og tradisjon

Vedtekter vedteke på årsmøtet 23.05 2017 (nynorsk)

## §1. FORMÅL

1. Det skal vera mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjent med og å lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap.
2. Studieforbundet kultur og tradisjon set det skapande mennesket i sentrum ved å legge til rette for:
  - personleg utvikling og læring på eigne premiss
  - oppleving av levande kulturtradisjonar
  - bevisstgjerjing om mennesket som ein del av ein økologisk heilskap
  - erfaring med demokratisk organisasjonspraksis

## § 2. VERKSEMDSIDÉ

1. Studieforbundet kultur og tradisjon skal organisere og legge tilhøva til rette for folkeopplysing og opplæring i medlemsorganisasjonane innanfor ramma av Lov om Voksenopplæring. Hovudkontoret for Studieforbundet kultur og tradisjon ligg i Vågå kommune.

## §3. MEDLEMSKAP

1. Medlemmar i Studieforbundet kultur og tradisjon er ideelle organisasjonar som arbeider i samsvar med formål og verksemdsidé til Studieforbundet kultur og tradisjon. For å bli medlem, må organisasjonane vera demokratisk oppbygde og ha kursaktivitet med minst 500 kurstimar i snitt dei siste tre åra.
2. Søknadar om medlemskap blir avgjort av årsmøtet.
3. Medlemsorganisasjonar som ikkje har hatt kurs i dei siste tre åra vil misse sin status som medlemmar. Det er årsmøtet som tek avgjerda, etter innstilling frå styret.
4. Organisasjonar som ønskjer å melde seg ut av Studieforbundet kultur og tradisjon på eige initiativ må gjere dette skriftleg innan 1. februar året før medlemskapet er omme.
5. Ved misleghald/misbruk av offentlege midlar, eller brot på reglar og vedtekter til forbundet, kan vedkommande organisasjon ekskluderast. Eksklusjon blir avgjort av årsmøtet.
6. Organisasjonar som har færre kurstimar enn 500 i snitt dei siste tre åra, kan søkje om samarbeidsavtale. Styret handsamar søknadar om samarbeidsavtale eller opphøyr av slike avtalar.

## §4. ÅRSMØTET

1. Studieforbundet kultur og tradisjon sitt høgaste organ er årsmøtet.
2. Medlemsorganisasjonane nemner opp delegat med vara til årsmøtet. Stemmene blir vekta etter kurstimar rapportert til Kompetanse Norge.

0	-	5.000	-	1 stemme
5.001	-	15.000	-	2 stemmer
15.001	-	30.000	-	4 stemmer
30.001	-	45.000	-	6 stemmer
45.001	-		-	9 stemmer

Styret møter på årsmøtet med tale- og forslagsrett, men har ikkje stemmerett. Organisasjonar med samarbeidsavtale har møte- og talerett på årsmøtet.

3. Årsmøtet blir halde innan utgangen av mai månad. Organisasjonane skal ha varsel om tidspunkt og stad for årsmøtet innan 1.mars og seinast to månader før møtet blir halde. Sakspapir til årsmøtet skal vera utsenda seinast 4 veker før møtedato.  
Årsmøtet handsamar følgjande saker:
  1. Styrets årsmelding
  2. Revidert rekneskap
  3. Søknadar om medlemskap
  4. Strategi og verksemdsplan
  5. Budsjett med fastsetting av kontingent
  6. Innkomne forslag og ev. vedtektsendingar
  7. Saker frå styret
  8. Val
    - a. Styret etter fastsett turnus jf § 5.2
    - b. Statsautorisert/registrert revisor for 1 år
    - c. Valkomité jf § 6
4. Forslag til årsmøtet frå medlemsorganisasjonane skal vera styret i hende seinast to månadar før årsmøtet eller til den frist styret set. Sjå elles § 10 om forslag til vedtektsendingar.
5. Ekstraordinært årsmøte blir innkalla av styret, eller når 1/3 av medlemsorganisasjonane krev det. Medlemsorganisasjonane må få varsel om ekstraordinært årsmøte med frist på fire veker. Saksdokument må sendast seinast to veker før møtet.

#### **§5. STYRET**

1. Styret består av sju medlemmar med to varamedlemmar. Styremedlemmane blir vald for to år.
2. Leiar og nestleiar blir vald ved særskilde val, og skal vera på val kvart sitt år. Varamedlemmane blir vald for eitt år om gongen.
3. Styret er utøvande organ for Studieforbundet kultur og tradisjon, og skal utvikle drifta med basis i § 1 Formål og § 2 Verksemdsidé og årsmøtets vedtak. Styret skal ha minst fire møter i året.
4. Styret er vedtaksført når over halvparten av styret er til stades. Avgjerslene gjer styret ved vanleg fleirtalsvedtak. Ved stemmelikheit har styreleder dobbeltstemme.
5. Dagleg leiar er sekretær for styret og møter i styret med tale- og forslagsrett.
6. Styret kan nemne opp arbeidsutval og særskilte utval. Styret har arbeidsgjevaransvar.

#### **§6. VALKOMITEEN**

Valkomiteen består av tre medlemsorganisasjonar der ein organisasjon er på val kvart år. Medlemsorganisasjonane vel sjølv kven dei vil vera representert med i valkomiteen. Styret kan utarbeide arbeidsskildring for valkomiteen.

#### **§7. MÅLFORM**

Studieforbundet kultur og tradisjon nyttar dei to målformene i organisasjonen, og skal veksle mellom målformene så dei blir brukt omtrent like mykje. Verksemdsplanen skal innehalde eit punkt om korleis ein skal oppnå denne likestillinga.

#### **§8. STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON I FYLKA**

1. Studieforbundet kultur og tradisjon skal ha fylkesledd i alle fylke der Studieforbundet kultur og tradisjon eller medlemsorganisasjonane arrangerer vaksenopplæring/studieringar.
2. Studieforbundet kultur og tradisjon i fylka arbeider i samsvar med vedtektene for Studieforbundet kultur og tradisjon i fylka, og arbeidsplaner i Studieforbundet kultur og tradisjon vedteke av årsmøtet. Dersom

eit fylkesledd i Studieforbundet kultur og tradisjon ønskjer avvik frå mønstervedtektene for fylkesledda, skal dette godkjennast av styret i Studieforbundet kultur og tradisjon.

3. Styret til Studieforbundet kultur og tradisjon kallar inn representantar frå fylkesleddet etter behov.

## **§ 9. VEDTEKSENDRINGAR**

1. Framlegg til endring av vedtektene må sendast innan 1. januar. Styret må sende dei innkomne framlegga til medlemsorganisasjonane seinast to månader før årsmøtet.
2. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal på årsmøtet

## **§10. OPPLØYSING**

Spørsmål om oppløysing av Studieforbundet kultur og tradisjon kan berre handsamast på årsmøtet. Framlegget må sendast styret innan 1. januar. Det krev 2/3 fleirtal for at saka skal kunne visast til endeleg handsaming på eit ekstraordinært årsmøte, halde innan tre månader. Vedtak om oppløysning krev 3/4 fleirtal.